

Årsmelding

2016



*Vang kommune*

*- vilt og vakkert*

Kulturskulen 30 år

*Bilete av Anne Heidi Kvam Hillestad*



Innholdsfortegnelse

Hendingar 2016 .....	3
Føreord .....	5
Hovudtal for Vang Kommune.....	7
Kostra .....	22
Internkontroll .....	33
Etisk Standard.....	33
Likestilling og likebehandling .....	33
Styre, råd og utval.....	37
Rådmannskontoret.....	38
Oppvekst, kultur og integrering .....	46
Helse- og omsorgsetaten (frå 1. april 2016) .....	56
Landbruk/teknisk.....	74



## Hendingar 2016

### Offisiell opning av Kongevegen over Filefjell

Laurdag 27. august 2016: I Vang var det storstilt arrangement i Gamle Kvam med over 200 tilstade. Dei fleste kom til gards vandrande langs den godt istandsette kongevegen. Her er ordføraren, alias lensmann Ole Qvam.

*Foto: Jan Adriansen*



### Vinjerock 2016

Utseld på under 30 sekund! Festivalen vart kåra til Årets festival i 2016!

*Bilde frå*

<https://www.aa.no/vinjerock/valdres/eid.sbugarden/publikum-raser-etter-at-vinjerock-ble-utsolgt-pa-30-sekunder/s/5-35-207723>



### Opning av Sansenhagen

15. juni opna sansenhagen på Vangsheimen. Friviljuge og tilsette har skapt god stemning i uteområdet. Med mjølkerampe, mjølkespann, skigard, planter, jordbærkasse skapast gode minne og glede om sommaren.

Følg sansenhagen og Vangsheimen på Facebook!

*Bilete frå: Joanke Tito*



### Opning av Gullringen bufellesskap

I mai 2016 opna bufellesskapet for 6 mindreårige flyktingar. Gutane er eit friskt tilskot for Vang. Blide gutar som har vorte godt integrert og inkludert i fellesskapet.

*Bilete frå: Bufellesskapet*





---

### **Kulturskulen 30 år**

Laurdag 3. desember var det 30 årsmarkering i Vang kyrkje. Vi kunne feira ein svært engasjert, positiv og flott kulturskule!

*Bilete frå: Synnøve Kvam*



---

### **Fotballturnering i Vang**

I samarbeid med Vang mottakssenter, vart det arrangert fotballturnering i september 2016. Sjølvaste Ordføraren var aktiv på banen, og sjølv sagt ein del av vinnarlaget!



---

### **Vårt Nabolag**

Laurdag 20. august så song delar av barnekoret i lag med Åse Kleveland på konserten Vårt nabolag. Ein svært positiv dag, med god stemning, mat, liv & røre på Vang mottakssenter.

*Bilete frå: Marte Tangen*



---

### **Opning av Høre barnehage**

Endeleg fekk born og tilsette ta i bruk den nye barnehagen i Høresbygda. Store og flotte lokalar til glede for små og store.

*Bilete frå: Hallgrim Rogn*

---





## Føreord

Årsmeldinga skal ha med opplysningar om viktige forhold for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje går fram av årsrekneskapen, og om andre viktige forhold for kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak, for å sikre ein høg etisk standard i verksemda og forsvarleg kontroll. Det skal gjerast greie for tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova, og for å fremje formålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelova (kommunelova § 48).

Vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for. Tilsvarande gjeld avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Rådmannen skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

Saman med årsrekneskapen for 2016, vil årsmeldinga bli handsama i formannskapet 11. mai, i hovudutvala, utvikling 09.mai, og levekår 10.mai og i kommunestyret 18. mai 2017.

I tillegg denne årsmeldinga ligg det føre eigne årsrapportar for eldrerådet, frivilligsentralen, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

Visjon, hovudmål og retningslinjer i kommuneplanen er grunnlaget for prioritering av viktige saker.

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

I tillegg til visjon og overordna mål er det vedteke retningslinjer for folketal, barn og unge, kultur og friluftsliv, folkehelse, universell utforming, landbruk, langsiktige arealstrategiar, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, kommunen sin økonomi, interkommunalt samarbeid og oppgåvefordeling, samfunnssikring og beredskap og til sist Vang kommune som arbeidsgjevar. Kommuneplandokumentet ligg på kommunen si heimeside på Internett.

## Folketal

1.1.2017 var folketallet i Vang 1596 mot 1590 ved førre årsskifte. Oppgangen på 6 skuldast netto innflytting på 26(186 innflyttingar mot 160 utflyttingar) medan 30 døde og 10 fødde gav eit relativt stort fødselsunderskot, 20 personar, i 2016.

Det er gledeleg at innanlands flytting til Vang når rekordnivå med heile 94 personar i 2016. (Frå 2012 til 2013 auka dette talet frå å ha vore jamt 40 til 70 i året. I 2015 var talet 67.)

## Utfordringar og utvikling

I store delar av 2016 var det høg aktivitet i arbeidet med fullføring av Vang kommune si hittil største satsing med renovering og utbygging av VBU og ny fleirbrukshall.

Det kunne etter kvart konstaterast at Vang var i ferd med å få nettopp det fantastiske anlegget vi hadde sett for oss: Berre endå litt finare, men også diverre dyrare.

Barnehagen i Ryfoss flytta sist på 2016 inn i delvis omarbeidde lokale i Høre.



Kommunen kunne her oppfylle eit felles ynskje frå foreldre og tilsette i barnehagen. Rådmann kunne på opningsdagen for den nye barnehagen konstatere mange aktive barn i lokala og godt nøgde foreldre og tilsette. Rådmannen vil meine at lokaliseringa ved samfunnshuset og tilgang på gymnastikksal er eit av tilleggsgoda denne barnehagen har. Rådmannen vil elles gjere det kjent at det er god plass for utviding av barnehagen i eksisterande bygg.

Det er god utvikling i mange av dei lokale næringane i Vang. Ein kan merke seg med stor glede at det finst fleire foretak som tek del i marknader utanom Vang og som jamvel gjer seg gjeldande på landsbasis. Gjennom 2016 har ein ny aktør, Industrivekst Vang AS meldt seg på banen i ein for Vang heilt ny bransje; plastgjennvinning. Foretaksideen her har eit uvanleg stort potensiale, går rett inn i internasjonale trendar om miljøbetring og blir svært spanande å følge opp. Innan turisme og reiseliv er Tyin- Filefjellområdet gjennom mange år peika ut som det fremste satsningsområdet. Sjølv om arbeidet med fullføring av kommundelplanen for området førebels vart sett på vent i 2016, må denne planen fullførast så raskt som muleg: Området er svært attraktivt og ein må legge ein langsiktig strategi med felles innsats frå fleire partar slik at ringsverknadene for Vangssamfunnet blir størst og best muleg.

## Dialog

Vang kommune ønskjer å ha ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, hytteeigarar og andre interesserte. Dersom de vil ha kontakt med kommunen, kan de vende dykk til ein av følgjande personar på telefon 61 36 94 00, ved oppmøte eller e-post:

Ordfører	Vidar Eltun	<a href="mailto:vidar.eltun@vang.kommune.no">vidar.eltun@vang.kommune.no</a>
Rådmann	Reidar Thune	<a href="mailto:reidar.thune@vang.kommune.no">reidar.thune@vang.kommune.no</a>
Økonomisjef	Remi Nilsen	<a href="mailto:remi.nilsen@vang.kommune.no">remi.nilsen@vang.kommune.no</a>
Sjef for OKI-etaten	Tommy-René Stordal	<a href="mailto:Tommy-Rene.Stordal@vang.kommune.no">Tommy-Rene.Stordal@vang.kommune.no</a>
Teknisk sjef	Terje Hålien	<a href="mailto:terje.haalien@vang.kommune.no">terje.haalien@vang.kommune.no</a>
Helse- og omsorgssjef	Guro Råheim Kvam	<a href="mailto:guro.raheim.kvam@vang.kommune.no">guro.raheim.kvam@vang.kommune.no</a>

Rådmannen viser også til informasjon om Vang på heimesida:

[www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no)

Vang, 31. mars 2017



Reidar Thune

Rådmann



## Hovudtal for Vang Kommune

Vang kommune fikk i 2016 eit netto driftsresultat på 15 917 000 kroner, eller 7,53% av driftsinntektene, noko som ligg langt over anbefalt minimums krav på 1,25% og ynskjelege 3%. Ein kan sjå ut i frå tabellane nedanfor at vi har ei positiv trend dei siste 3 åra med kontinuerlig forbetring av både netto driftsresultat målt i kroner og i prosent.



Vi må tilbake til 2006 for å finne eit betre resultat målt i reine ikkje diskonterte kroner og det er det beste inflasjonsjusterte resultatet vi har hatt sidan 2010. Hovudgrunn til denne positive overraskinga er at Vang kommune fikk heile 11 millionar kroner i meirinntekter enn budsjettert. Dette er sjølv sagt gledelig då Vang kommune mister opp mot 8 millionar kroner i inntekter i 2017 og framover.

### Viser dette det rette bilete?

Vang kommune har, som dei fleste veit, svært høge kraftinntekter. Ein av dei største postane er konsesjonsavgifta som totalt utgjør 20,7 millionar kroner. Desse midlane blir overført til



kommunens næringsfond, som skal nyttast til å fremja Vang kommune gjennom kommunale tiltak, eller private tilskot.

År	2016	2015	2014	2013	2012
<b>Netto driftsresultat i årsrekneskapen</b>	<b>15 917</b>	<b>13 262</b>	<b>11 949</b>	<b>14 153</b>	<b>12 398</b>
Konsesjonsavgifter avsett næringsfond	-20 781	-20 766	-20 766	-19 437	-19 437
Renteavsetnader til næringsfond	-904	-1 371	-1 280	-1 363	-1 386
<b>Netto kraft korrigert driftsresultat</b>	<b>-5 768</b>	<b>-8 875</b>	<b>-10 097</b>	<b>-6 647</b>	<b>-8 425</b>
Bruk av næringsfond til drift	13 808	9 539	9 739	6 951	8 188
Anna bruk av bundne fond	564	404	143	1 249	289
<b>Netto korrigert driftsresultat utan ekstratenester</b>	<b>8 604</b>	<b>1 068</b>	<b>-215</b>	<b>1 553</b>	<b>52</b>
Avsetningar til andre bundne driftsfond*	-2 814	-4 855	-1 461	-129	-87
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>5 790</b>	<b>-3 787</b>	<b>-1 676</b>	<b>1 424</b>	<b>-35</b>
<b>I % av driftsinntekter</b>	<b>2,74 %</b>	<b>-1,90 %</b>	<b>-0,84 %</b>	<b>0,74 %</b>	<b>-0,02 %</b>
*Her utgjør avsetningar til vatn/og avløp	2 124	4 456			
<b>Anbefalt minimums avkastning</b>	<b>1,50 %</b>				
<b>God drift</b>	<b>3,00 %</b>				

Dersom vi trekker ut konsesjonsavgiftene og rentene som tilhører næringsfondet, endar vi opp med eit korrigert netto driftsresultat på – 5 768 000 kroner. Så i realiteten går Vang kommune med eit driftsunderskot på 2,7% av driftsinntektene våre. Vi kan derimot sjå i tabellen over at det korrigerede driftsresultatet har forbedra seg dei siste 5 åra og har gått ned med 4,3 millionar kroner sidan 2014.

Dette synar eit heller svart bilete av økonomien til Vang kommune, og seier heller ikkje her den fulle sannheita. Vang kommune brukar i dag store midlar frå næringsfondet til å finansiere diverse tiltak i kommunen. Dette er tiltak som ein ikkje hadde hatt råd til om næringsfondet ikkje eksisterte. For å få et korrekt bilete av kommuneøkonomien så må ein også ta bort dei kostnadene som kommunen ikkje hadde hatt råd til utan desse overføringane. I 2016 brukte Vang kommune 13,8 millionar kroner frå næringsfondet til å finansiere diverse tiltak i kommunen. I tillegg brukte vi 564 tusen kroner som ble finansert av bundne fond og som også må takast bort for å få eit korrekt bilete. Så totalt har kommunen brukt ca. 14,4 millionar kroner som ein elles ikkje hadde hatt råd i 2016 og som vi difor kan sjå bort i frå.

Den siste korrigeringa ein må gjere er så sjå på sjølvkostområda til kommunen. Område som vatn og kloakk gjev kommunen store inntekter kvart år, men vi får ikkje lov å bruke desse kronene på andre formål enn vatn og kloakk. For tida er kostnadene til Vang kommune mindre enn inntektene, og vi får dermed inn fleire kroner enn vi har lov til å bruke. Desse midlane sett vi av i bundne fond som skal gå til å dekkja framtidige kostnader vi har på desse områda. Trekker vi ut overskotet på sjølvkostområdet, som i 2016 var på 2,8 millionar kroner, så får vi et meir korrekt bilete av økonomien i Vang kommune.





Som vi kan sjå av tabellen så ender vi men et korrigert netto driftsresultat på 5,8 millionar kroner, eller 2,7% av driftsinntektene, som er over den anbefalte minimumsgrensa på 1,5%. Dette er ei kraftig forbetring i forhold til 2015 der vi enda med eit korrigert underskot på 3,8 millionar kroner.

Så alt i alt så ser vi forbetringar i kommuneøkonomien og at vi er på rett spor. Det er sjølvsagt nokre utfordringar med desse korrigerane også. Kan kommunen bare kutte ut 13,8 millionar kroner dersom næringsfondet vart tømt? I dag finansierar fondet alt vedlikehald i kommunen, dette er utgifter som ikkje forsvinn bare fordi vi ikkje lenger har pengar. Næringsutvikling, landbruk og idrett er andre tiltak som blir finansiert av næringsfondet, kor enkelt er det å fjerne desse postane og kva effekt får det for Vangssamfunnet? Den siste store posten som nyttar næringsfondet er renter og avdrag på kommunens lån til investeringar. Desse har i dag et betydelig omfang og vil ikkje forsvinne med det første.

## Gjennomgang av inntekter

2016 vart eit særst godt økonomisk år for Vang kommune med dei høgste inntekta nokon gong. Året enda med driftsinntekter i overkant av 211 millionar kroner, ei oppgang på 11,8 millionar kroner frå 2015. Heile 7 millionar kroner kjem i samanheng med flykningar, mykje som følge av opprettinga av bufellesskapet for einslege mindreårige. Den andre store bidragsytaren er skatt på inntekt og formue som auka med 6,7 millionar kroner målt mot 2015. Effekten av dei lave strauprisane kom tydlig fram i rekneskapen ved at inntekter knytt til konsesjonskraftgevinstar og fallerstatningar fortsetter fallet med nye 1,1 millionar kroner til 5,9 millionar kroner (4,1 millionar konsesjonskraftgevinst og 1,8 millionar i fallerstatningar). Vi har med andre ord mista heile 8,3 millionar kroner innan desse to område sidan toppåret i 2010.

Mykje av inntektsauka i forbinding med flykningar var budsjettert så dette forklarar ikkje kvifor vi enda med ei meirinntekt på 10,96 millionar kroner i høve til budsjett.

Brukarbetaling enda 900 tusen kroner over budsjett, hovudsakelig knytt til helse og omsorgstenester i institusjon (735 tusen kroner meir enn budsjettert).

Ei anna stor post var avgiftspliktige gebyr som henta inn 2,9 millionar kroner meir enn budsjettert. Dette gjeld i all hovudsak sjølvkost områda våre der halvparten er knytt til tilknytingsgebyr på vann og kloakk, og resten på årsgebyra til tømning av septiktankar. Grunna til det store avviket på tømning av septiktankar var ei feilbudsjettering då ein ikkje hadde take med at det anna kvart år blir gjennomført tømning og at kostnadene (og dermed inntekta) meir enn doblar seg det året. Desse inntektene er ikkje frie og kan ikkje nyttast i drift til anna formål enn sjølvkostområdet.

Ei tredje forklaring er at sjukelønsrefusjonane ble 3,5 millionar kroner høgre enn budsjettert. Dette synar at kommunen ikkje nådde målet med å redusere sjukefråværet då utbetalingane gjekk opp med rundt 10% i høve til 2015 til 5,9 millionar kroner. Med desse «inntekta» så fyljer det og kostnader til kjøp av vikarar og difor kan ikkje sjås på som frie inntekter.

Den siste store forklaringsposta er skatt på inntekt og formue som enda 3 millionar kroner høgre enn budsjett. Oversikta over utviklinga dei siste 5 åra kan sjåast i tabellen nedanfor.



Konto 2	2016		2015		2014		2013		2012	
	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett
Brukarbetaling	-5 941 729	-5 008 000	-5 571 202	-5 358 000	-6 389 003	-6 499 000	-6 562 640	-6 726 000	-6 899 479	-6 659 000
Andre sals- og leigeinntekter	-19 271 092	-16 253 000	-20 166 385	-18 833 000	-18 008 574	-16 993 000	-15 890 392	-15 500 000	-17 113 407	-16 186 000
Overføringer med krav til motytning	-33 520 323	-27 679 000	-29 293 187	-23 498 000	-28 063 052	-23 664 000	-30 760 561	-23 761 000	-23 794 438	-17 423 000
Rammetilskot	-61 330 000	-62 742 000	-63 300 830	-62 340 000	-61 379 923	-62 234 000	-60 292 490	-59 884 000	-58 558 378	-57 585 000
Andre stallege overføringer	-11 759 345	-10 529 000	-8 079 727	-6 035 000	-5 913 950	-6 128 000	-4 410 279	-4 746 000	-4 933 645	-4 563 000
Andre overføringer	-6 078 720	-8 676 000	-7 285 357	-8 425 000	-12 580 662	-11 425 000	-10 834 259	-9 225 000	-11 429 863	-11 372 000
Skatt på inntekt og formue	-38 348 075	-35 298 000	-31 618 570	-32 269 000	-32 013 780	-31 240 000	-30 483 999	-30 840 000	-29 312 037	-30 445 000
Eigedomsskatt	-8 057 554	-8 000 000	-7 113 126	-7 113 000	-6 965 436	-6 965 000	-6 796 023	-6 796 000	-6 404 887	-6 140 000
Andre direkte og indirekte skattar	-27 080 185	-27 300 000	-27 120 024	-27 300 000	-27 046 071	-27 000 000	-25 583 713	-24 700 000	-25 459 784	-25 200 000
<b>Totalsum</b>	<b>-211 387 023</b>	<b>-201 485 000</b>	<b>-199 548 409</b>	<b>-191 171 000</b>	<b>-198 360 450</b>	<b>-192 148 000</b>	<b>-191 614 356</b>	<b>-182 178 000</b>	<b>-183 905 917</b>	<b>-175 573 000</b>

Av dei 10,96 millionar kronene i auka inntekter så er rundt 7,5 millionar kroner knytt til sjølvkostområdet eller ei inntekt som kommer som følge av auka driftsutgifter (sjukefråvær og mva). Aukinga av dei friinntektene ender då på 3,5 millionar kroner meir enn budsjettert for året.

Andre postar som skil seg ut er andre overføringer som i hovudsak inneheld konsesjonskraftgevinsten til kommunen. Vi fikk her 2,6 millionar kroner mindre enn budsjettert, og fortsett dermed nedgangen vi har sett de siste 6 åra.

## Gjennomgang av utgifter

Som venta gikk utgifta til kommunen opp i 2016 grunna opprettinga av bufellesskapet for einslege mindreårige. Det ble difor budsjettert med ei marginal utgiftsauking på 1% der aukinga hovudsaklig kom i form av løn. Det ble samtidig stramma inn på kjøp av varer og tenester då målet her er å kutte 2 millionar kroner i årlige innkjøp. Resultatet enda med at vi fikk ei budsjettsprekk på 790 tusen kroner.

Hovudgrunna til sprekken kjem frå kjøp av vare og tenester som enda ca 3,6 millionar kroner øver budsjett. 2,4 millionar er knytt til kjøp av varer i eigenproduksjon av tenester og resten til interkommunale kjøp. Sprekka på dei interkommunale kjøpa er i hovudsak knytt til slamtømming der det ble feilbudsjettert. Dette har derimot ikkje nokon påverknad på resultatet til kommunen då dette ligg innunder sjølvkostområdet.

Lønsutgifta enda med eit underforbruk på 3,1 millionar kroner i forhold til budsjett, noko som har vore symptomatisk dei siste 5 åra. Sidan 2012 har vi eit gjennomsnittlig underforbruk på 2,8 millionar kroner. Det er sjølv sagt positivt at vi brukar mindre enn antatt, men det betyr og at vi ikkje har heilt kontroll over forventa ressursbruk i løpet av året. Den største forklaringa er at Bufellesskapet ble budsjettert med fullårs effekt sjølv om dette ikkje starta opp før i mai. Det skulle ha vore gjennomført ei budsjettjustering i løpet av året, men dette ble ikkje gjort. Økonomisjefen tar på seg ansvaret for denne feilvurderinga. Dersom ein justerer for dette så forklarar denne posten for 2,8 millionar kroner av over budsjetteringa.



Konto2	2016		2015		2014		2013		2012	
	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett
Lønsutgifter	112 759 716	113 644 000	108 539 644	111 434 000	108 595 262	110 383 000	106 501 885	107 772 000	101 865 327	101 342 000
☐ Sosiale utgifter	21 610 740	23 864 000	21 113 348	22 566 893	21 499 990	22 410 000	19 834 315	21 542 000	18 953 812	20 500 000
☐ Kjøp av varer og tenester som inngår i t	26 676 397	24 306 200	26 611 751	25 073 000	27 571 717	27 448 000	23 507 601	24 729 000	25 487 102	25 795 000
☐ Kjøp av varer og tenester som erstattar t	23 528 812	22 314 000	22 816 082	22 930 000	21 444 704	21 842 000	20 584 905	22 246 000	18 950 288	16 364 000
☐ Overføringer	12 729 754	11 443 000	12 691 862	12 543 000	16 873 653	17 211 000	17 155 943	13 020 000	11 770 666	12 709 000
☐ Avskrivningar	10 237 003	11 077 000	9 949 448	10 035 000	10 036 740	10 035 000	10 104 118	9 381 000	11 286 160	11 286 000
☐ Fordelte utgifter	-119 601	-15 000	-77 893	0	-18 461	0	-11 675	0	-18 314	0
<b>Totalsum</b>	<b>207 422 822</b>	<b>206 633 200</b>	<b>201 644 242</b>	<b>204 581 893</b>	<b>206 003 604</b>	<b>209 329 000</b>	<b>197 677 082</b>	<b>198 690 000</b>	<b>188 295 041</b>	<b>187 996 000</b>




Overforbruket på overføringer er hovudsaklig mva som følge av høgre innkjøp enn budsjettert, dette beløp seg til 1 million kroner. Dette har ingen resultat effekt då vi får desse tilbakeført som inntekter gjennom momskompensasjon.


### Vidare analyse av tala

Vang kan vise til sitt beste brutto driftsresultat sidan 2006 med eit overskot på 3,9 millionar kroner. Dette er svært positivt, spesielt sidan vi mistar 8 millionar kroner i inntekter frå 2017.



Ein kan glede seg over at den positive trenden frå 2015 fortsetter, etter 4 år med ei stadig forverring av resultatet. Målet i høve til økonomiplanen vår var å komme i balanse i 2017, så at vi klarer å gje det beste resultatet på 11 år er svært gledelig.






Den nye positive trenden (i Bergen er alt over eit år å anse som ei ny tradisjon og trend), med ein inntektsvekst som er sterkare enn utgiftene kommer tydelig fram i rekneskapen. Det at inntekta har auka meir enn utgifta 2 år på rad gjør at vi slår forventningane og ligger ei langt betre base å arbeide ut ifrå, når vi tenker på utfordringane som kjem frå og med 2017.

Vang har fortsatt store utfordringar framover, då vi mister store inntekter, men det gjør arbeidet noko lettare og vi har noko meir midlar framover enn frykta.


### Fordeling av utgifter



Dersom ein ser på fordelinga av utgiftene så kommer det fram at løn fortsatt er hovudutgifta, og opptar 46% av alle utgifter i 2016. Dette er ei nedgang i forhold til 2015 som har ei samanheng med at renter og avdrag no utgjør i overkant av 2% av dei totale kostnadene. Dette til tross for at lønsutgiftene auka med 3,6%, eller 4,7 millionar kroner i 2016.



## Overblikk



Denne grafen viser utviklinga av kommunen sine utgifter og inntekter dei siste 7 åra. Ein ser her hoppet i inntekter i 2016 som langt overgår utgiftssida. Trenden viser her jamn vekst der ein får eit inntekts- og utgiftshopp kvart 5 år. Totalt ser ein at bruken av fondsmidlar sakte men sikker går nedover samtidig med at avsetningane er noko meir stabil. Med avsetningar som er større enn bruken så tilsvara dette ei vekst i midlar til framtidig bruk. Ein ser her at avsettingane dei siste 7 åra har vaka rundt 30 millionar kroner, mens bruken går gradvis nedover frå toppåret i 2010 der ein brukte rundt 30 millionar kroner.




Det rekneskapsmessige mindreforbruket til kommunen kom på 6 265 000 kroner i 2016. Som vi kan sjå av grafen, har mindreforbruket vore på i overkant av 4 millionar kroner dei siste åra. Korleis skal vi tolke desse tala? Eit kvart mindreforbruk kan seiast å vera ein god ting, men ein kan og stille spørsmål ved å ha eit mindreforbruk på mange millionar kroner år etter år.

Eit mindreforbruk betyr at kommunen har brukt mindre pengar enn vi bad om og fekk tildelt av kommunestyret, som sjølv sagt er eit gode. Det kan også lesast som forsiktigheit ved at ein ikkje brukar meir enn naudsynt, slik at ein er sikker på at ein held seg innan for budsjettet.



Gjennomsnittsverdien av det rekneskapsmessige mindreforbruket dei siste 12 åra ligg på 7,4 millionar kroner. I budsjettet for 2016 ble alle postar gjennomgått, slik at mindreforbruket skulle bli meir reelt, ved å redusere totalbudsjettet i samsvar med reelt forbruk dei siste åra. Til tross for dette enda vi med eit høgt mindreforbruk.

Ein kan sjå at arbeidet som ble lagt ned i å redusera overbudsjetteringa av utgiftssida hadde effekt då vi enda så å seie i balanse. For 2016 var det nok eingong inntektssida som overraska stort, og om ein ser på dei reelle inntekta målt mot budsjettet dei siste 13 åra så kjem det fram ei tydelig trend.



Ein kan her sjå at vi underbudsjetterer i gjennomsnitt dei siste 6 åra med 8,6 millionar kroner. Dei største bidragsytarane til denne underbudsjetteringa er refusjonar frå staten (2 millionar kroner gjennomsnittlig underbudsjettert), sjukelønnsrefusjon (1,75 millionar kroner gjennomsnittlig underbudsjettert), avgiftspliktige gebyr (950 tusen kroner), andre statlige overføringar (690 tusen kroner) og momskompensasjon (540 tusen kroner). Ein bør kanskje være noko mindre restriktive på inntekt frå staten og sjukeløn i framtida for å redusere denne ubalansen mellom verkelegheit og budsjett.

### Avviksforklaring

Etat	Utgifter		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	26 037 048	25 043 000	994 048
OKI – etaten	64 423 299	64 240 000	183 299
Helseavdelinga	13 987 312	13 146 000	841 312
IHT-Institusjons- og heimebaserte tenester	68 654 436	69 723 000	-1 068 564
Landbruk teknisk	27 917 600	24 669 000	3 248 600
Finansutgifter	50 230 822	42 475 458	7 755 364
<b>Totalsum</b>	<b>251 250 517</b>	<b>239 296 458</b>	<b>11 954 059</b>

I 2016 hadde kommunen eit avvik på kr 11 954 059 kroner i driftsutgifter, der finansutgifta er hovudsyndaren. Dette kan forklarast med at mindreforbruket i driftsrekneskapen, som ikkje var budsjettert, enda på 6 265 120,- kroner. Vi hadde også eit premieavvik på 1 385 193,- kroner som ikkje vart budsjettert. Dette forklarar 98,6% av avviket innan finansutgifter.



Innan Landbruk/teknisk så kan vi forklara overforbruket med; 2 404 157 kroner er avsetningar til bundne driftsfond som ikkje var budsjettert. Dette er overskota på sjølvkostområda. Det kan og sjå ut som det er feilbudsjettert noko i mva då vi har brukt 386 366 kroner meir i budsjett, sjølv om varer og tenester held seg innan for budsjettet. Budsjettet for tømning av slam/septiktank vart også feilbudsjettert då omfanget var mykje høgre i 2016 enn i 2015, noko som ikkje kom fram i budsjettet. Denne feilen stod for 832 588 kroner. Dette hører derimot inn under sjølvkostområdet så kommunen har i dette tilfelle fått same sum i inntekter då dette området går i null. Vi har da forklart 3 623 111 kroner av avvika, som utgjør over 100%. Resten er mindreforbruk på løn og kjøp av varer og tenester.

Innsparingane i IHT kan knytast til løn som står for ca. 975 223 kroner i mindreforbruk som forklarar 91% av avviket. Helseavdelinga har eit generelt overforbruk på alle hovudpostar, der løn forklarar rundt 500 000 kroner.

Rådmannskontoret sine avvik kan forklarast med eit overforbruk på varer og tenester på kroner 305 865, der kjøp av satellitt telefonar står for 35 tusen kroner. Lisensar til dataprogram vart underbudsjettert med 80 tusen kroner, og OU-kontingentar utgjorde 100 tusen kroner. Krisesenteret er feilført då budsjettet ligg på Helse og omsorg, dette utgjør ca. 110 tusen kroner.

OKI etaten har eit generelt overforbruk på varer og tenester på 2 508 800 kroner som dei henta inn ved eit underforbruk på 2 325 502 kroner på løn.

Etat	Inntekter		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	-3 832 157	-2 816 000	-1 016 157
OKI - etaten	-26 841 258	-22 794 000	-4 047 258
Helseavdelinga	-3 096 143	-3 023 000	-73 143
IHT-Institusjons- og heimebaserte tenester	-17 093 059	-14 255 000	-2 838 059
Landbruk teknisk	-20 468 017	-17 228 000	-3 240 017
Finansinntekter	-179 919 883	-179 180 458	-739 425
<b>Totalsum</b>	<b>-251 250 217</b>	<b>-239 296 458</b>	<b>-11 954 059</b>

Det er gledelig at vi har 11 954 059 kroner i meirinntekter enn budsjettert. Dette finansiarar nesten heile overforbruket. Alle einingar har høgre inntekter enn budsjettert.

Rådmannskontoret hadde generelt høgre inntekter over heile linja. Salsinntekter hadde 320 tusen kroner i meirinntekter, der internsal av kraft til sjølvkostområdet utgjorde 102 tusen kroner som ikkje var budsjettert. Kontorleiga til kyrkja har ikkje vore budsjettert ved ei feil og dette utgjør 75 tusen kroner. Refusjonar utgjorde ytterlegare 412 tusen kroner der 120 tusen gjelder høgre momskompensasjon enn berekna (kan sjås i samanheng med overforbruket på varer og tenester), ytterligare 100 tusen kroner gjeld refusjon frå staten i forbinding med kommunereforma. Overføringar bidrog med ytterlegare 282 tusen kroner der 135 tusen gjeld overføringar frå staten i forbinding med mottaket og resten gjeld «utbytte» frå Gjensidigestiftinga.

OKI-etaten fikk 506 tusen kronar meir i salsinntekter enn budsjetter, den husleige knytt til introduksjonssenteret utgjorde 232 tusen og bruker betaling frå kulturskolen enda med ein



meirinntekt på 119 tusen kroner. Den største bidragsytaren er refusjonar der dei fekk 2,07 millionar kroner meir enn budsjettert. 968 tusen av dette gjeld sjukeløn, og 585 en knytt til momskompensasjon. Ein fekk og inn rundt 160 tusen i forbindelse med benkar til kongevegen. Den siste store forklaringsposten er statstilskot til flyktningar som enda nærmare 1,6 millionar kroner høgere enn berekna.

IHT hadde 2,8 millionar i meirinntekter der hovudvekta er sjukeløns- og svangerskapsrefusjonar på 2 millionar kroner. Dei hadde også 500 tusen kroner meir i bruker betalingar enn budsjettert hovudsaklig knytt til Vangsheimen og kottids- og heimetenester.

Landbruk/teknisk hadde ein meirinntekt på 3,2 millionar kroner der sjølvkost forklarar 2,4 millionar kroner, momskompensasjon forklarar 386 tusen kroner og sjukløn forklarar 206 tusen kroner.

Kommunen sine skatteinntekter enda med 3 millionar kroner i meirinntekter noko som finansierte mindreinntekter på 2,5 millionar kroner frå konsesjonskraft og 1,4 millionar kroner mindre rammetilskot enn budsjettert. Vi fikk også 1,4 millionar kroner i meirinntekter grunna premieavvik.

Netto forbruk fordelt på etat

Etat	Verdiar		
	Summar av	Summar av	
Rådmannskontoret	22 204 891	22 227 000	-22 109
OKI – etaten	37 582 041	41 446 000	-3 863 959
Helseavdelinga	10 891 169	10 123 000	768 169
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester	51 561 377	55 468 000	-3 906 623
Landbruk teknisk	7 449 583	7 441 000	8 583
	<b>129 689 061</b>	<b>136 705 000</b>	<b>-7 015 939</b>

Ein kan her sjå at alle etatane held seg netto under budsjett, også landbruk teknisk om ein ser bort frå sjølvkostområdet. Innan Helse og omsorg ligg Helseavdelinga noko over budsjett, hovudsaklig knytt til lønskostnader, men dette blir dekkja inn av mindreforbruket til IHT slik at etaten i sin heilhet har eit mindreforbruk.





## Investeringsrekneskapen

Prosjekt	Prosjektnavn	Regnskap	Budsjett	Avvik
042	Kjøp/sal av bilar	322 349	1 500 000	-1 177 651
061	Tyinkrysset - nytt reinseanlegg	15 580 774	22 700 000	-7 119 226
100	Vassforsyning Tyinkrysset/Filefjell	342 239	936 000	-593 761
110	KLP - eigenkapitalinnskot	581 759	590 000	-8 241
125	Startlån	524 698	0	524 698
182	Fredheim barnehage - nybygg/påbygg	330 378	430 000	-99 622
210	VBU - ombygging/nybygg	58 779 962	57 008 000	1 771 962
217	Ryfoss vassverk - driftsovervakning	0	475 000	-475 000
221	Skibruer Tyinkrysset	0	1 000 000	-1 000 000
225	Hovedledning vatn/avløp VBU	43 200	0	43 200
227	Overføringsledning Fløgstrøndfjorden	9 103 350	12 000 000	-2 896 650
235	Friluftsomr. kartl/verdis	49 500	80 000	-30 500
241	Garasje	0	0	0
245	Høre barnehage	934 616	600 000	334 616
250	Digitalisering av arkiv	0	750 000	-750 000
252	Utbygging av brannstasjon	15 675	0	15 675
253	Beitebruksplan	120 000	200 000	-80 000
254	Adgangskontroll Vangsheimen	0	150 000	-150 000
	<b>SUM</b>	<b>86 728 500</b>	<b>98 419 000</b>	<b>-11 690 500</b>

I 2016 har kommunen investert i 13 prosjekt med eit totalforbruk på 86 728 500 kroner eks mva. Dette er 11 690 500 mindre enn budsjettert. Avvika er knytt til: 5 prosjekt ble ikkje gjennomført i 2016, totalbudsjettet deira utgjorde 2 375 000 kroner. Av desse prosjekta er adgangskontroll til Vangsheimen utført men det er ført i driftsrekneskapen. Dette prosjektet ble 20 tusen kroner dyrare enn antatt budsjett etter tilbod ble gjennomgått.


Den største forklaringa til underforbruket er reinseanlegget på Tyinkrysset som ikkje ble ferdigstilt i 2016 som antatt. Det ble brukt 10 015 876 kroner mindre enn budsjettert, fordelt på 2 prosjekt.

Eller så brukte vi 1,7 millionar meir enn berekna på VBU og Høre barnehage hadde eit overforbruk på 334 tusen kroner grunna manglande budsjettering på eigeninnsatsen. Prosjekta er finansiert slik:


Finansiering av investeringar	
Lån	73 441 147
Bruk av næringsfond	12 589 782
Bruk av udisponert frå tidlegare år	355 000
Motteke avdrag	339 558
Refusjonar sjukeløn	4 435
Renteinntekter	140
Refusjon frå staten	-1 562
<b>TOTAL</b>	<b>86 728 500</b>



## Fondsoversikt



Denne figuren viser Vang kommune sine frie fondsmidlar dei siste 6 åra, og ein kan her sjå vi endelig ha snudd utviklinga i 2016. Den frie dela av disposisjonsfondet auka frå 2 millionar i 2015 til 7,4 millionar i 2016, og det vil også bli tilført ytterligere 6,2 millionar kroner i 2017 frå mindreforbruket. Totalt vart det ei netto auke på ca. 5,2 millionar kroner av disposisjonsfondet i 2016. Premieavviket vart uendra og ligg på 9 millionar kroner, noko som utgjør 50% av dei totale friemidlane Vang kommune har disponibelt i fond. Tilrådd størrelse på disposisjonsfondet ligg på 10 – 15 % av driftsinntektene. For Vang utgjør dette mellom 20 – 30 millionar kroner, så det er et stykke igjen til vi når dette målet. Det er forventa bruk av disposisjonsfondet på 10,1 millionar kroner i 2017, noko som vil føre til at fondet endar på 1,3 millionar kroner i 2017.



Næringsfondet fortsett nedgangen dei siste åra og enda på 42 millionar kroner i 2016. Dette er ei nedgang på 4,7 millionar kroner. Bakrunna til nedgangen er høgt bruk både på drift og investering på totalt 26,4 millionar kroner, og ei inntekt på bare 21,7 millionar kroner. I 2017 forventar vi å bruke 21 millionar kroner på drift, og har dermed ingen kapital til investeringar. Det er ynksjeleg å byrje å bygge opp fondet igjen, men ein ser utfordringane då vi antar at vi må bruke 21 millionar kroner i drift frå næringsfondet kvart år fram til 2020.



## Utfordringar

Vang kommune er inne i ei svært investeringsaktiv periode, som bruker mykje av reservekapitalen vår. Grunna kraftprisar så mistar vi også store inntekter frå 2017. Det er satt i gang eit større effektiviseringsprosjekt for å finna tiltak som netto sparer kommunen for omkring 12 millionar kroner i året frå 2020. Investeringane i kommunen ligg fortsatt på eit høgt nivå i forhold til størrelsen og dette vil fortsette å tyngje kommuneøkonomien i mange år framover.


Vi har i dag eit for høgt tenestetilbod i forhold til inntekta og eit større fokus på prioriteringar blir nok kvardagen framover. Det gledelege er jo sjølvstøtt at prosessen er godt i gang, og håpar at vi kan halde tritt med det forventa inntektstapet.

Dei viktigaste økonomiske utfordringane til Vang kommune.


- Nedgang/stagnasjon i folketal
- Nedgang kraftinntekter
- Arbeidsmarknad

Aldersgrupper	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016	Total 2017
Barnehage 0 - 5 år	101	95	91	92	90	83	87
Grunnskole 6 - 16 år	207	194	192	191	191	186	197
Vidaregåande 17 - 19 år	79	85	64	59	51	56	62
Student 20 - 26 år	126	142	144	136	153	139	138
Arbeid 27 - 66 år	826	838	850	858	862	843	805
Tidlig pensjonist 67 - 77 år	122	134	133	144	160	179	211
Erfarne pensjonistar	130	129	123	122	112	104	96
<b>Totalsum</b>	<b>1591</b>	<b>1617</b>	<b>1597</b>	<b>1602</b>	<b>1619</b>	<b>1590</b>	<b>1596</b>


Vi kan her sjå at folketalet til Vang er svært varierende. Dette heng saman med mottaket som ligg i bygda. Flyktingar som har fått opphald i Norge blir rekna som innbyggjarar i Vang fram til dei får tildelt bustadkommune. Det var sterkt fokus på den aukande flyktingstraumen i siste halvdel av 2015. Norske kommunar gjorde eit krafttak, og fekk busett mange flyktingar, som budde i asylmottak. Dette er hovudårsaka til at folketalet i Vang falt dramatisk frå 1627 i 3. kvartal til 1590 ved utgangen av 4. kvartal. Det flytta ut 68 personer i løpet av 4. kvartal. Totalt enda vi med ei befolkningsoppgang på 6 personar i 2016. Vi kan sjå ut ifrå tabellen over at vi mista mange innbyggjarar i arbeidsfør alder i 2016 og dette heng nok i saman med mottaket. Tilbakemeldingane er et det kjem fleire familiar med born og dette kan ein tydlig sjå i tala.



Som vi kan sjå av tabellen over så kom det over 40 personar til Vang i siste kvartal 2016, dette må vi anta er knytt mottaket. Trenden er jamt stigande i perioden frå 2011 til 2016.



Det er gledelig at vi har fått ei lita oppgang i talet på 0 – 26 åringar der hovudtyngda ligg på grunnskolenivå. Dette visar også elevtalet på VBU då dette har gått markant opp i 2016. Trenden er fortsatt nedgåande men vi håper dette kan være starta på eit trendskifte.



Pensjonistane tok eit kvileskjer i 2016 men er fortsatt ein vaksande del av befolkninga.



Pensjonistane utgjer den aukande delen av befolkninga. Talet på pensjonistar har auka med 11,2% sidan 2011. Pensjonistane utgjer no 19,2% av befolkninga i Vang kommune, ei lita nedgang i forhold til 2015..

Gruppe	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016	Total 2017
Barnehage og skuleelever	24,32 %	23,13 %	21,73 %	21,35 %	20,51 %	20,44 %	21,68 %
Student 20 - 26 år	7,92 %	8,78 %	9,02 %	8,49 %	9,45 %	8,74 %	8,64 %
Arbeid 27 - 66 år	50,41 %	50,91 %	51,97 %	51,87 %	51,39 %	51,38 %	50,44 %
Pensjonistar	17,35 %	17,19 %	17,28 %	18,29 %	18,65 %	19,43 %	19,24 %
<b>Totalsum</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,0 %</b>

Kjernerarbeidsstyrka i aldersgruppa 27 til 67 år, har dei siste 2 året minka ganske mykje. Dette må vi sjå i samanheng med mottaket og den varierende flyktningssituasjonen. Det gledelige er jo at vi for første gong dei siste 6 åra har ei auke i barnehage og skuleelevar i Vang.

Tabellen skal syne framtidig utvikling. Studentgruppa faller stadig og det er denne som fyller på kjernerarbeidsstyrka. Dette gjør at vi får stadig færre til å fylle opp for dei som går ut i pensjon. Med ei vaksande barnegruppe kan ein håpa på at denne trenden snur og at vi vil sjå ei auke i framtida.

Aldersgruppe	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016	Total 2017
27 - 29 år	46	56	63	69	61	53	50
30 - 32 år	45	49	53	55	57	62	68
33 - 35 år	44	39	40	44	62	63	63
36 - 38 år	56	57	47	54	52	48	50
39 - 41 år	73	62	69	57	53	53	58
42 - 44 år	53	68	71	75	65	64	59
45 - 47 år	64	57	55	55	70	71	74
48 - 50 år	60	65	70	64	56	56	53
51 - 53 år	73	68	63	59	68	70	67
54 - 56 år	69	76	77	74	65	61	54
57 - 59 år	57	63	60	73	76	80	66
60 - 62 år	71	59	55	52	60	59	71
63 - 65 år	76	83	80	71	59	53	51
66 - 67 år	39	36	47	56	58	50	45
<b>Totalsum</b>	<b>826</b>	<b>838</b>	<b>850</b>	<b>858</b>	<b>862</b>	<b>843</b>	<b>829</b>



## Kostra

Samanlikningskommunane er sett opp slik at dess nærare Vang dei er i størrelse, de større samanlikningsgrunnlag er det. Nord-Aurdal er t.d. så mykje større enn Vang at det er vanskelig å sjå klare samanlikningsgrunnlag grunna stordriftsfordelane til Nord-Aurdal. Det er difor Nord-Aurdal er på botnen av tabellane, då dei truleg har minst til felles med Vang.

## Finansielle Nøkkeltal

Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	-1,6	-1,8	-4,1	-0,8	1,9
Kostragruppe 06	2,1	1,7	0,8	0,9	2,1
Etnedal	3	7	3,7	4,3	2,9
Vestre Slidre	-0,4	0,6	-9	-3,1	2,1
Sør-Aurdal	4,4	4	-1,9	5	5,7
Øystre Slidre	1	0	-2,6	-0,2	0,1
Nord-Aurdal	7,3	8,6	3,9	2,7	3

Brutto driftsresultatet i prosent av brutto driftsinntekter syner ei utvikling brote i 2015. Det er og gledelig å sjå at vi for fyrste gong sidan 2010 får eit positivt brutto driftsresultat. Dette betyr at vi endelig er i balanse og ikkje brukar meir pengar enn vi får inn.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	7,7	8,8	6	6,7	7,6
Kostragruppe 06	3,5	3,2	2,3	3,4	3,9
Etnedal	6,9	9,6	8,5	8,8	7,1
Vestre Slidre	0,8	1,2	-7,7	0,1	4,2
Sør-Aurdal	4,1	3,6	-2,5	4,1	4,7
Øystre Slidre	4,6	3,7	1,2	3,3	3,7
Nord-Aurdal	7,7	8,4	4,6	3,3	3,5

Når vi ser på netto driftsresultat, ligg Vang nok ein gong i toppsjiktet. I 2016 har vi og lykkast med å få høgast resultat i Valdres. Resultatet ligg godt over anbefalingane, men som nemnt over, er ikkje tala så bra som dei først kan sjå ut som. Korrigerer vi for konsesjonsavgift så ender vi med eit netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på -2,7%, noko som er lægst av alle vi samanliknar oss med, og under anbefalt minimumsgrense.

Frie inntekter i kroner per innbyggjar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	58 793	60 501	61 565	63 694	66 402
Kostragruppe 06	65 629	66 425	68 850	69 891	72 540
Etnedal	61 152	65 516	68 238	73 726	73 363
Vestre Slidre	50 026	54 082	54 772	56 609	61 464
Sør-Aurdal	56 622	58 501	60 252	61 775	64 742
Øystre Slidre	50 840	52 891	54 009	55 561	56 287
Nord-Aurdal	45 480	46 707	47 425	50 544	52 681

Når vi kjem til dei frie inntektene til kommunen, ligg vi godt under dei vi nærmast kan samanlikna oss med. Gjennomsnittleg auke ligg på 3,0% i året for Vang, dårlegast av alle bortsett frå kostragruppe 6, som har fått auka dei frie inntektene med 2,5% i snitt. Valdres kommunane har hovudsakleg auka sine frie inntekter med over 3,9% i året.



Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	129	136	148	192	210
Kostragruppe 06	201	206	212	220	224
Etnedal	161	162	172	182	184
Vestre Slidre	148	156	185	184	178
Sør-Aurdal	165	183	207	203	200
Øystre Slidre	174	178	205	192	192
Nord-Aurdal	182	195	224	199	189

Vang kommune har i dei siste åra drive ei ekspansiv utbygging av tilboda i kommunen. Dette har ført til at vi for fyrste gong har teke opp lån for å finansiere alle prosjekta. Dette kjem tydeleg fram i 2015-16, og langsiktig gjeld vil fortsette å auke i tida framover. Langsiktig gjeld før 2015 er i hovudsak pensjonsforpliktingar og lån gjennom husbanken som blir gjeve som støtte. Største delen av gjelda er pensjonsforpliktingane til kommunen, som i dag ligg på i overkant av 284 millionar kroner, ei auke på 7,5% frå 2015.

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	38	44	38	50	39
Kostragruppe 06	19	23	24	27	27
Etnedal	11	16	22	31	37
Vestre Slidre	18	14	6	7	12
Sør-Aurdal	16	16	14	23	20
Øystre Slidre	29	27	31	28	31
Nord-Aurdal	12	21	27	21	21

Då vi brukte opp alle lånemidlar i 2016 ser vi at arbeidskapitalen har gått tilbake til eit meir normalt nivå i 2016. Likviden er fortsatt god.

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	566	921	3 130	47 638	92 033
Kostragruppe 06	62 988	69 635	72 490	78 554	85 193
Etnedal	21 323	22 259	25 650	31 288	36 299
Vestre Slidre	33 561	36 820	39 017	49 341	55 562
Sør-Aurdal	44 565	50 428	55 658	64 161	68 193
Øystre Slidre	43 083	40 706	47 758	56 282	58 230
Nord-Aurdal	44 715	46 267	51 586	64 045	63 753

Vi ser her at låneopptaket kjem godt fram i 2015 då vi får ei dramatisk auke i lånegjelda. Vi går frå å vera soleklart best i klassen til å bli den med høgst gjeldsbelastning, også høgre enn kostragruppe 6. Etnedal har fortsatt svært låg nettogjeld per innbyggjar. Sidan det fortsatt er store investeringsprosjekt under bygging og prosjektering, vil dette talet bli noko verre framover. Vi håpar og sjå ein topp rundt 2018 eller 2019, avhengig av forventa investeringsaktivitet.



## Prioriteringar

Prioriteringar skal vise korleis ein prioriterer pengebruken i kommunen. Det er i hovudsak ikkje meint å lesast som eit produktivitetsmål, som ein stykkpris, for eksempel. Den bør heller brukast til å sjå om ein er einig i korleis pengane er prioritert, og om dei følgjer dei retningslinjer som er gjeve.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	133 486	124 542	155 440	155 438	154 329
Kostragruppe 06	125 429	124 478	137 949	134 803	142 076
Etnedal	133 486	120 652	159 810	174 420	151 900
Vestre Slidre	109 135	122 664	126 342	124 490	142 012
Sør-Aurdal	97 196	95 529	110 205	109 634	99 480
Øystre Slidre	99 935	115 226	113 216	128 781	136 071
Nord-Aurdal	102 548	101 545	110 777	117 098	118 953

Barnehagedrift er viktig for Vang kommune, og er høgt prioritert. Vi bruker 8,6% meir per barn mellom 1- 5 år enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Då Etnedal har klara å redusera utgiftene dramatisk i 2016 er Vang kommune nå dei som brukar mest per born i Valdres. Vi har greitt å redusera bruken for 2. året på rad. Denne tabellen viser kor mykje vi bruker på barnehagar per barn, uavhengig om barna går i barnehage eller ikkje. Vi har ein liten nedgang frå 2014 til 2015, som har fortsatt inn i 2016.

Korrigerede brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 222, 223), per elev					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	170 922	169 475	176 250	174 322	153 961
Kostragruppe 06	147 869	151 485	157 966	165 397	170 803
Etnedal	125 456	127 334	133 622	138 193	139 770
Vestre Slidre	138 832	136 877	131 416	133 542	148 641
Sør-Aurdal	118 778	127 159	127 000	126 817	140 471
Øystre Slidre	119 583	122 520	129 719	139 557	138 644
Nord-Aurdal	91 673	88 532	98 272	98 373	103 504

For å få innbyggjarar til Vang kommune, er grunnskulen sjølvstøtt viktig. Vi er den som brukar mest på skule i Valdres per elev. Vi ser at samlinga av alle elevar på VBU har fått fullårs effekt i 2016 og at utgiftene dermed har blitt redusert med 11,7% frå 2015. Vang kommune brukar rundt 14,7% meir per elev enn gjennomsnittet i resten av Valdres.

Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar, konsern					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	18 901	18 285	18 615	17 860	16 042
Kostragruppe 06	16 797	17 184	17 500	17 647	17 708
Etnedal	14 973	14 960	15 520	16 805	16 808
Vestre Slidre	14 286	14 339	15 009	14 293	14 919
Sør-Aurdal	14 371	15 423	14 593	14 597	15 258
Øystre Slidre	14 549	14 880	15 520	15 934	15 555
Nord-Aurdal	10 480	9 858	10 787	10 667	10 920

Om ein ser på kostnadene per innbyggjar til grunnskolesektoren så er det bare Etnedal som har høgre utgifter enn Vang kommune. Også her kommer det tydlig fram effekten av samanslåinga av skulane i Vang.





Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	4 513	4 954	5 700	6 126	6 573
Kostragruppe 06	4 444	4 521	4 859	5 047	5 206
Etnedal	3 912	3 771	4 842	6 334	7 292
Vestre Slidre	4 049	3 417	4 697	4 899	5 439
Sør-Aurdal	2 644	3 037	3 404	3 848	4 632
Øystre Slidre	2 499	2 679	3 063	3 501	3 536
Nord-Aurdal	2 267	2 423	2 601	3 292	3 141

Innan kommunehelsetenesta kan vi sjå at det er auka fokus på helse der det har vore ei bratt auke i 2014 som no har stabilisert seg. Auka frå 2015 til 2016 er på 7,3% som er midt på treen. Vang brukar nest mest i Valdres, berre slått av Etnedal, og ligg 26,3% over samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, ei auke frå 21,4% i 2015. Ei forklaring til meirbruken kan vere asylmottaket, som er svært stort i forhold til innbyggjartalet, og difor krev høgre ressursbruk.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	32 402	33 762	35 195	34 432	34 942
Kostragruppe 06	27 868	26 210	28 264	27 645	29 454
Etnedal	26 523	25 464	27 800	28 472	27 297
Vestre Slidre	17 865	17 776	17 767	16 982	22 356
Sør-Aurdal	23 271	23 528	25 303	22 863	24 511
Øystre Slidre	17 662	18 272	19 536	19 278	20 190
Nord-Aurdal	19 803	19 380	21 436	23 542	26 385

Korrigerede brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunale pleie og omsorgstenester, konsern					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	464 597	415 062	445 458	398 027	427 468
Kostragruppe 6	403 729	377 425	406 801	403 301	436 685
Etnedal	311 556	295 299	340 938	359 158	376 625
Vestre-Slidre	276 277	284 375	267 709	282 350	421 967
Sør-Aurdal	290 066	295 502	300 846	293 554	339 455
Øystre Slidre	306 958	308 170	325 447	342 159	355 559
Nord-Aurdal	448 354	415 309	427 643	456 113	479 926

Pleie- og omsorgstenesta ligg 18,6% over våre næraste samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, ei nedgang frå 24,6% i 2015. Det kan sjå ut som utgiftsauken har bremsa opp litt. Dersom vi ser på korrigerede brutto driftsutgift per mottakar, ligg Vang framleis nest høgast samanlikna med Valdres, berre «slått» av Nord-Aurdal. Vang ligg marginalt under kostragruppe 6.



Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	1 614	1 338	2 119	2 473	1 877
Kostragruppe 06	2 019	2 342	2 895	3 295	3 788
Etnedal	2 676	3 305	3 978	4 163	4 938
Vestre Slidre	3 007	3 702	3 129	3 824	5 065
Sør-Aurdal	2 337	2 565	3 532	3 774	3 683
Øystre Slidre	2 177	1 673	2 054	3 586	3 156
Nord-Aurdal	2 411	2 874	3 405	3 513	3 990

Vang har låge utgifter til sosialtenesta føregående år. Vi har lægre utgifter per innbyggjar enn dei vi samanliknar oss med og har greitt å redusere denne i 2016. Noko av forklaringa kan vera at vi har noe fleire innbyggjarar i aktuell aldersgruppe enn gjennomsnittet i Valdres. Nord-Aurdal og Øystre-Slidre ligg marginalt over Vang i talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa, men berre med ca. 0,1% - 0,3% forskjell, om ein ser på innbyggjarar per 01.01.16. Ein jobbar fortsatt aktivt for å redusere utgiftene og halde dei på eit lågt nivå.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	6 067	6 910	8 886	7 612	11 761
Kostragruppe 06	9 258	10 725	13 209	13 655	14 692
Etnedal	8 281	6 650	7 858	7 436	9 121
Vestre Slidre	9 000	9 661	10 301	9 300	11 609
Sør-Aurdal	4 258	5 235	7 450	9 396	10 354
Øystre Slidre	4 260	4 688	4 756	7 746	7 092
Nord-Aurdal	7 835	6 958	8 506	9 160	11 327

Hoppet i utgifter kommer av bufellesskapet for einslege mindreårige som starta opp i mai 2016, dette vil auke noko i 2017 grunna heilårseffekt. Vi samarbeider i dag med Vestre Slidre på barnevern og meiner at dette samarbeidet fungerer svært godt. Dei gjer ein god jobb for Vang kommune. Det blir sett på endringar i dette samarbeidet men det er uklart kva utfallet blir.

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	10 895	9 989	10 955	11 324	11 695
Kostragruppe 06	10 736	10 810	11 459	11 217	10 890
Etnedal	8 047	8 207	9 186	9 890	10 235
Vestre Slidre	6 603	7 123	7 830	9 053	7 881
Sør-Aurdal	5 799	5 829	7 418	7 124	6 715
Øystre Slidre	5 952	7 217	7 914	5 142	6 764
Nord-Aurdal	4 594	4 464	4 282	3 978	4 206

Vi ser at Vang ligg godt over samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, med 7,4% høgre utgifter. Vang kommune har dei siste 2 året dradd i frå kostragruppe 5 og ligg klart høgst i Valdres. Ei forklaring kan vera at Vang kommune ikkje har splitta felleskostnader på dei respektive funksjonane, og med det får vi ei unaturlig høg utgift på funksjon 120. Det vil vera naturleg å sjå nærare på dette. Når ein ser på dei store sprika per år i kvar einskild



kommune, er det i hovudsak ikkje lønskostander og dermed tilsette som er drivande her, spesielt sidan lønskostnadene i administrasjonen gjekk ned for Vang i 2015.

## Dekningsgrader

Her kjem det tabellar som seier noko om i kor stor grad tenestebehovet i Vang kommune er dekket. Tabellane er ikkje kommentert i nemneverdig grad, då tala i hovudsak er positive, og det er ingen tal som er nemneverdig høge eller låge.

Andel born 1-5 år med barnehageplass					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	101,4	92,8	94,7	93,2	86,8
Kostragruppe 06	90,0	89,2	88,6	89,2	88,9
Etnedal	95,7	95,7	90,5	90,0	73,3
Vestre Slidre	96,0	96,4	82,0	86,7	92,8
Sør-Aurdal	90,8	89,2	86,3	86,6	84,5
Øystre Slidre	91,7	92,5	92,0	94,0	87,0
Nord-Aurdal	85,4	86,9	88,5	86,9	84,6

Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	11,2	8,0	7,5	4,3	3,2
Kostragruppe 06	11,6	10,9	10,4	10,4	10,3
Etnedal	9,6	9,4	9,8	9,1	7,8
Vestre Slidre	10,8	11,3	10,5	9,5	5,4
Sør-Aurdal	12,4	14,7	13,2	13,6	13,5
Øystre Slidre	11,0	10,4	9,5	8,5	8,0
Nord-Aurdal	8,1	9,0	8,4	8,3	6,6

Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	18,8	16,9	16,7	17,0	16,1
Kostragruppe 06	18,4	18,2	17,8	18,4	18,4
Etnedal	14,3	14,2	10,2	15,7	15,7
Vestre Slidre	13,0	13,2	13,2	14,2	15,7
Sør-Aurdal	6,4	6,4	6,5	7,1	7,1
Øystre Slidre	11,9	11,9	11,9	12,5	11,9
Nord-Aurdal	10,6	10,6	15,6	15,9	15,8

Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	9,4	13,2	12,4	12,6	12,5
Kostragruppe 06	11,7	12,9	12,9	12,6	13,0
Etnedal	14,3	14,2	14,3	15,4	15,2
Vestre Slidre	8,2	8,3	8,3	8,4	5,5
Sør-Aurdal	13,0	13,0	13,1	13,4	13,5
Øystre Slidre	11,4	9,7	9,7	10,0	11,4
Nord-Aurdal	10,4	10,4	10,6	10,8	10,8



# Vang kommune

- vilt og vakkert

Andel plassar i einarom i pleie- og omsorgsinstitusjonar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Kostragruppe 06	95,0	95,2	96,5	96,7	97,3
Etnedal	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Vestre Slidre	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Sør-Aurdal	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Øystre Slidre	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Nord-Aurdal	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	23,8	23,6	20,4	13,2	18,3
Kostragruppe 06	19,1	17,5	17,5	17,0	18,1
Etnedal	11,0	12,7	13,3	17,3	15,0
Vestre Slidre	22,9	16,7	15,2	12,8	12,8
Sør-Aurdal	13,8	15,7	16,0	13,6	15,3
Øystre Slidre	20,2	21,3	20,9	22,8	22,5
Nord-Aurdal	9,6	10,4	9,4	7,3	8,3

Andelen sosialhjelps mottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	3,4	3,8	3,6	4,1	2,9
Kostragruppe 06	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Etnedal	4,4	5,5	5,9	5,2	6,5
Vestre Slidre	5,3	5,0	5,6	6,7	6,8
Sør-Aurdal	4,2	5,0	5,1	6,0	4,8
Øystre Slidre	4,2	4,3	4,0	4,0	4,3
Nord-Aurdal	3,0	5,8	6,9	6,8	6,9

Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	5,4	5,3	7,7	7,3	9,2
Kostragruppe 06	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Etnedal	4,6	4,9	4,7	4,2	6,4
Vestre Slidre	7,2	7,3	8,2	7,3	10,1
Sør-Aurdal	5,1	5,3	6,1	5,8	6,3
Øystre Slidre	3,1	3,5	3,7	3,7	3,5
Nord-Aurdal	4,4	4,3	4,9	5,5	5,6



Sykkel-, gangveier/turstiar mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innbyggjarar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	0,0	44,0	43,0	44,0	44,0
Kostragruppe 06	0,0	246,0	225,0	141,0	158,0
Etnedal	0,0	85,0	86,0	15,0	96,0
Vestre Slidre	0,0	37,0	37,0	37,0	38,0
Sør-Aurdal	0,0	19,0	19,0	20,0	20,0
Øystre Slidre	0,0	12,0	13,0	12,0	12,0
Nord-Aurdal	0,0	16,0	17,0	15,0	15,0

Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggjarar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	23,0	24,0	23,0	23,0	23,0
Kostragruppe 06	35,0	35,0	36,0	36,0	38,0
Etnedal	29,0	27,0	26,0	28,0	27,0
Vestre Slidre	24,0	26,0	26,0	26,0	27,0
Sør-Aurdal	32,0	35,0	32,0	31,0	0,0
Øystre Slidre	19,0	19,0	19,0	22,0	26,0
Nord-Aurdal	25,0	28,0	28,0	28,0	28,0

Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggjarar					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	0,8	0,8	1,2	0,8	0,8
Kostragruppe 06	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Etnedal	1,7	1,8	2,1	1,8	1,7
Vestre Slidre	0,3	0,6	0,9	0,4	0,4
Sør-Aurdal	0,1	0,1	0,0	1,6	1,6
Øystre Slidre	0,5	0,5	0,6	0,4	0,4
Nord-Aurdal	1,0	1,0	0,9	1,0	1,0



### Produktivitet og einingskostnader

Desse tabellane presenterer kostnader per eining, og med det produktivitet. Det er store skilnader på tenestenivået, då det ikkje ligg føre eit standard tenestenivå. Det kan difor vera vanskeleg å samanlikne produktiviteten.

Korrigerede brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	158 493	159 987	194 972	196 456	208 182
Kostragruppe 06	163 716	165 342	181 519	176 966	186 789
Etnedal	164 147	156 394	206 333	217 587	228 477
Vestre Slidre	134 612	151 302	180 747	170 024	179 052
Sør-Aurdal	133 855	129 608	148 898	138 552	137 576
Øystre Slidre	137 046	156 025	160 488	178 195	186 566
Nord-Aurdal	146 607	144 434	158 230	166 953	175 004

Barnehage er eit høgt prioritert område for Vang kommune. Det kjem fram av desse tala, ved at vi ligg godt over gjennomsnitt med samanliknbare kommunar. Einaste kommune som brukar meir pengar per born i Valdres, er Etnedal. Vang brukar rundt 11,5 % meir en i kostragruppe 6. Grunna låge fødselstal, kan det bli vanskeleg å redusere desse utgiftene pga. lovkrav om antal tilsette per born.

Korrigerede brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokalar og skuleskyss per elev					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	170 922	169 475	176 250	174 322	153 961
Kostragruppe 06	147 869	151 485	157 966	165 397	170 803
Etnedal	125 456	127 334	133 622	138 193	139 770
Vestre Slidre	138 832	136 877	131 416	133 542	148 641
Sør-Aurdal	118 778	127 159	127 000	126 817	140 471
Øystre Slidre	119 583	122 520	129 719	139 557	138 644
Nord-Aurdal	91 673	88 532	98 272	98 373	103 504

På skulesektoren ligg Vang klart over alle kommunar vi kan samanlikne oss med. Som følge av samlinga av alle born på VBU kan vi sjå ein større nedgang av kostnadene frå 2015 til 2016.

Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	9,4	9,7	8,2	8,0	10,4
Kostragruppe 06	9,1	9,4	9,1	8,8	9,1
Etnedal	10,5	12,0	9,8	9,1	10,0
Vestre Slidre	11,6	10,8	9,5	10,5	13,8
Sør-Aurdal	10,6	9,5	9,3	8,8	7,3
Øystre Slidre	13,1	13,1	12,0	11,1	11,4
Nord-Aurdal	16,2	16,6	15,9	14,8	14,8

Vi kan her sjå effekten av samanslåinga av skulane i Vang ved at gruppen har auka til 10,4 per årstrinn og at vi no har større einingar enn kostragruppe 06.



Korrigerede brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester (i kroner)					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	205 663	184 179	208 019	196 851	220 150
Kostragruppe 06	225 082	206 447	225 903	225 647	246 711
Etnedal	161 532	153 861	189 358	204 276	207 714
Vestre Slidre	255 024	262 125	247 379	258 825	384 848
Sør-Aurdal	167 623	173 224	182 020	177 510	208 412
Øystre Slidre	163 116	170 080	177 552	187 299	186 736
Nord-Aurdal	346 948	314 672	312 182	320 056	343 533

Vang hadde den tredje største auka i driftsutgifter i 2016, bare slått av Vestre Slidre og Sør-Aurdal. Vi ligg fortsatt godt under Kostragruppe 06 med 10,8% lægre driftsutgifter pr. mottakar.

Korrigerede brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	1 081 353	1 049 206	1 075 235	940 559	964 294
Kostragruppe 06	972 114	993 504	1 071 623	1 066 332	1 113 367
Etnedal	1 003 591	976 727	1 018 455	989 227	1 067 273
Vestre Slidre	0	0	0	0	0
Sør-Aurdal	741 490	747 824	753 784	713 039	795 412
Øystre Slidre	779 558	768 744	810 186	817 791	907 585
Nord-Aurdal	754 266	730 422	815 203	1 053 034	1 374 405

Om vi ser på institusjonsplassar i kommunen, ser vi at også her er det gjort eit godt arbeid ved å kutte kostnadene per plass med heile 13% i 2015. Vi ligg godt under samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, og i Valdres er det nok ein gong bare Sør-Aurdal og Øystre-Slidre som er betre. Vestre-Slidre har ingen kommunale plassar og blir dermed vanskeleg å samanlikne seg mot.

Årsgebyr for vassforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	4 014	4 215	4 418	4 534	4 757
Kostragruppe 06	3 918	3 778	3 991	4 057	4 005
Etnedal	4 200	4 570	4 750	5 400	4 750
Vestre Slidre	3 015	3 285	3 285	3 285	3 495
Sør-Aurdal	3 682	4 119	4 378	4 234	4 381
Øystre Slidre	2 940	3 260	3 260	3 120	2 890
Nord-Aurdal	4 668	4 668	4 808	4 976	5 170

Årsgebyr for avlaupstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	5 024	5 238	5 484	5 674	5 674
Kostragruppe 06	3 255	3 472	3 563	3 792	3 734
Etnedal	5 100	5 470	5 650	6 840	5 950
Vestre Slidre	4 399	4 879	4 879	4 879	5 204
Sør-Aurdal	4 673	5 260	5 576	5 374	5 563
Øystre Slidre	4 835	5 160	5 160	4 960	4 640
Nord-Aurdal	5 678	6 246	7 014	7 260	7 204



Inna vassforsyning og avlaup, kan vi sjå ei jamn auke dei siste 5 åra. Vi ligg godt over samanliknbare kommunar i kostragruppe 6 med høvesvis 18,8% og 52%. I Valdres har vi tredje høgste nivå på både vassforsyning og avlaupstenester, slått av Etnedal og Nord-Aurdal. I Valdres- samanheng ligg vi midt på treet, og det kan sjå ut som det er dyrare å få fram vatn og kloakk i Valdres enn i resten av landet.

Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	2 408	2 408	2 167	2 167	2 232
Kostragruppe 06	2 507	2 842	3 021	3 080	3 150
Etnedal	3 010	2 408	2 167	2 167	2 232
Vestre Slidre	2 408	2 408	2 167	2 167	2 232
Sør-Aurdal	2 408	2 408	2 167	2 167	2 232
Øystre Slidre	2 408	2 408	2 167	2 167	2 232
Nord-Aurdal	2 408	2 408	2 167	2 167	2 232

Avfalltenesta er eit samarbeidsprosjekt for heile Valdres. Kostnadane er likt fordelte. Dette medfører at vi drifrar mykje billigare enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Totalt driv vi 29,1% billigare enn dei vi samanliknar oss med. Grunna dei store fonda til VKR, har kostnadane halde seg stabile både i 2014 og 2015. Her er eit område der stordriftsfordelane kjem tydeleg fram, og viser at samarbeid er eit gode for alle partar.

Bto. driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate					
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016
Vang	92 706	97 222	100 389	100 611	96 167
Kostragruppe 06	80 426	92 607	88 215	93 439	92 566
Etnedal	65 000	87 467	82 400	74 200	83 333
Vestre Slidre	81 692	86 407	91 074	117 423	98 423
Sør-Aurdal	66 957	63 688	71 812	76 229	78 347
Øystre Slidre	149 280	139 385	113 037	115 444	167 037
Nord-Aurdal	80 985	90 824	88 397	84 145	102 478





## Internkontroll

**Kommunelova § 23 nr. 2, 2. setning:**

*Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av muleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Det vil føre for langt å ramse opp alle reglement og rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll: Eit viktig styringsdokument kom til her ved at kommunestyret i sak K- 44 i møte 24.09.14 vedtok nytt økonomireglement. Det kan her også visast til at kommunestyret i sak K-52 i møte 22.09.2016 behandla og vedtok delegeringsreglement.
- Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet.
- Omfattande internekontrollsystem for helse- miljø- og sikkerheit kvalitetssikra av bedriftshelsetenesta. Systemet vart i 2013 lagt fram for Arbeidstilsynet utan merknad eller avvik.
- Internkontrollsystem knytt til ulike særlover og føresegner.
- Rådmannen sine faste møte med etatssjefar og avdelingsleiarar for oppfølging og kontroll. Etatssjefane må frå 2016 melde til rådmannen status for etaten ift. om lover, føresegner er følgt opp. Dette gjeld også nye lovpålagde oppgåver som er kome til.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert slik dette går fram av økonomiplandokumentet 2016-19. Internkontroll er vidare jamt tema på leiarmøter.

## Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

- Følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.
- Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement.
- Byggje opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

Rådmannen set misleg framferd på dagsorden i leiargruppa si og i fellesmøte med tillitsvalde både for å ha aktsemd på at dette kan skje også i Vang, og å gje signal via etatsleiarane og tillitsvalde om at mislege handlingar ikkje vil bli akseptert av øvste kommuneleiing. I 2016 er dette også teke opp/ informert om til kommunestyret.

## Likestilling og likebehandling

**Likestillingslova § 1:**

*«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.»*

**Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:**

*«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d)*



*tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmede barrierer og hindre at nye skapes.».*

Gjennomførte medarbeidarundersøkingar tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan skuldast høg fokus på temaet i planlegginga ved at byggjekomitear alltid har med ein representant for menneske med nedsett funksjonsevne. For byggeprosjekt med oppstart etter september 2016, gjeld imidlertid «Retningsliner for prosjektstyring i Vang kommune», vedteke i sak K-33 i møte 24.06.2016. Men også her blir dei ulike interessene høyrde i planleggingsfasen.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Dette er spørsmål om prioritering i høve til andre oppgåver.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret i 2005 (revidert i 2014), omtalar likeløn: *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.* Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

Innan helse, pleie og omsorg og delvis i barnehagane er det ein del ufaglærte arbeidstakarar. Arbeidsgjevar er positiv til at tilsette tek utdanning, og gir støtte og legg til rette når tilsette har behov for permisjon til studiar og praksisplass.

Auka lønsforskjellar mellom typiske kvinneyrke med høgskule (t.d. sjukepleiar, vernepleiar og førskulelærar) og ingeniørar er ei ny utfordring. Denne lønsforskjellen har auka etter innføring av nytt forhandlingssystem, og er i liten grad mogleg å endra lokalt. For å rekruttere høgskulegruppene i åra framover er det behov for auka fokus på dette i dei sentrale tariffhandlingane.

I kommunen var det om lag 269 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2016; derav 212 kvinner (79 %) og 57 menn (21 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antallet.

I 2016 hadde kvinner eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 8,6 % og menn hadde 5,5 %.

I kommunestyret er 4 av 17 representantar (24 %) kvinner, og i formannskapet 2 av 5 representantar (40 %). Ved val til styre, råd og utval rettar kommunen seg etter gjeldande reglar i kommunelova og likestillingslova.



Aldersfordeling tilsette pr. 31.12.16		
Alder	Personer 2016	%-fordeling 2016
opp til 25 år	8	3
25-29 år	20	7,5
30-34 år	28	10
35-39 år	20	7,5
40-44 år	34	13
45-49 år	38	14,5
50-54 år	38	14,5
55-59 år	31	11
Frå 60 år	52	19
<b>Totalt</b>	<b>269</b>	<b>100</b>

Stillingsstorleik tilsette pr. 31.12.16		
Storleik	Personer 2016	%-fordeling 2016
mindre enn 20%	23	8,5
20-49%	34	13
50-74%	54	20
75-99%	65	24
100 %	93	34,5
<b>Totalt</b>	<b>269</b>	<b>100</b>

Gjennomsnittsløn, stillingsprosent og alder, for 2016 (K=kvinner, M=menn, T=totalt)				
Gruppe		Gjennomsnitt		
		Lønn	Stillings-%	Alder
		2016	2016	2016
Rådmannen med leiar-gruppe	K	678 500	100	45
	M	686 773	100	58
	T	685 118	100	55
Mellomleiarar	K	588 601	98	49
	M	578 500	95	43
	T	586 075	97	48
Høgskuleutdanna	K	481 535	79	44
	M	523 197	91	47
	T	494 034	83	45
Pedagogisk Personale	K	496 221	87	46
	M	493 386	87	43
	T	495 957	87	46
Fagarbeidarar oa. på fagarbeidarnivå	K	390 237	69	47
	M	396 262	93	52
	T	390 644	71	47
Ufaglærte	K	369 024	54	48
	M	337 657	37	37
	T	361 581	50	45



*Vang kommune*  
*- vilt og vakkert*

<b>Gjennomsnittsløn og stillingsprosent i heile organisasjonen</b>		
<b>Kjønn</b>	<b>Gj.snitt årsløn</b>	<b>Gj.snitt stillings%</b>
<b>Kvinner</b>	431 460	72
<b>Menn</b>	455 124	77
<b>Totalt</b>	436 475	73



## Styre, råd og utval

<b>KOMMUNESTYRET</b>		<b>2015</b>	<b>2016</b>
Ordfører Vidar Eltun (Ap)	Møte	9	9
Varaordfører Leif Solemsli	Saker	114	77
<b>FORMANNSKAPET</b>	Møte	11	8
	Saker	40	53
<b>ADMINISTRASJONSUTVALET</b>	Møte	2	2
	Saker	6	4
<b>ARBEIDSMILJØUTVALET</b>	Møte	2	2
	Saker	3	5
<b>HOVUDUTVAL FOR LEVEKÅR</b>	Møte	4	5
Leiar Ove Martin Stende (Ap)	Saker	15	19
<b>HOVUDUTVAL FOR UTVIKLING</b>	Møte	5	7
Leiar Grete Aasheim (Ap)	Saker	68	74
<b>KONTROLLUTVALET</b>	Møte		
Leiar Bjørn Bjørneseth	Saker		
<b>ELDRERÅDET</b>	Møte	5	6
Leiar Magnor Wigdel	Saker	17	14
<b>RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE</b>			
Leiar Derk Stegwe	Møte	6	3
	Saker	17	11



## Rådmannskontoret

Administrativ leiar: Rådmann Reidar Thune

### Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

### Hovudarbeidsområde

Administrasjon, planlegging, personal, næringsutvikling, fellestenester, kyrkjeleg fellesråd og interkommunale samarbeid: NAV, barnevern, IKT, skatteinnkrevjing og revisjon.

Talet på tilsette (utanom interkommunale samarbeid og kyrkje) var 11 personar i 2016. Dette utgjorde 10,2 årsverk mot 10,5 i 2016.

### Økonomi

Ansvar 100-108		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				Kr	%
Driftsdel	Utgifter	26 037 048	25 043 000	994 048	4,0
	Inntekter	- 3 832 157	-2 816 000	-1 016 157	36
	Netto driftsutgifter	22 206 082	22 227 000	-22 109	-0,1
Investeringsdel	Utgifter	1 292 929			
	Inntekter	- 0			
	Netto investeringsutgifter	1 292 929			


Avvika på driftsutgiftene kan i hovudsak knytast til eit overforbruk på varer og tenester. Det er noko feilføring då 110 tusen kroner som tilhørar Helse og omsorg er ført på rådmannskontoret, det var innkjøpt satellitt telefonar som ikkje var budsjettert til kr 35 tusen. Det kom og ein del datalisensar som vi ikkje hadde sett for oss som beløp seg til 80 tusen kroner samt OU kontingentar var ikkje budsjettert, dette utgjorde 100 tusen kroner.

NAV ble 100 tusen kroner dyrare enn berekna, og barnevern sprakk med 300 tusen kroner i forhold til budsjett.


Avvika på inntektene gjeld 321 tusen kroner i meirinntekter på sal der 100 tusen kroner gjeld internt sal av konsesjonskraft til sjølvkostområdet, husleige inntekta ble 75 tusen kroner høgare enn berekna. Kyrkja si kontor leige utgjorde 60 tusen kroner og var gløymt av i budsjettet.

Refusjonar hadde ei meirinntekt på 411 tusen kronar der momskompensasjon utgjorde 120 tusen kroner, refusjonar frå staten i forbinding med kommunereforma blei på 100 tusen kroner og andre refusjonar frå kommunar og private enda 140 tusen kroner over budsjett.

### Brutto driftsutgifter 2016



- Løn og sosiale utgifter
- Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon
- Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon
- Overføringsutgifter



Ein kan her sjå at trenden med aukande utgifter på rådmannskontoret et brote då utgifta totalt sett gjekk ned i 2016 (om enn ikkje nok til å nå budsjett målet). Totalt er det fjerna ca 4 millionar kroner frå rådmannskontoret frå 2015 til 2016. Mesteparten av desse utgifta er ikkje direkte kutt, dei er nok bare flytta til den kostnadsbærande part på andre etatar. Denne trenden vil fortsette då ein ynskjer å redusere funksjon 120 så mykje som mulig og heller føre kostandene der dei oppstår.

## Informasjon

Vang kommune si heimeside: [www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no) som også har link frå **heimesida** [www.vangivaldres.no](http://www.vangivaldres.no)

- Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio
- Informasjon i Menighetsbladet
- Informasjon og tilbud om oppfølging til innflyttarar. Samarbeid med Innovangsjon SA
- Årsmeldingar frå og med 2013 blir lagt ut på kommunen si heimeside. Dei som spør om det kan få meldinga i papirversjon.
- Møte etter behov med Tyin-Filefjell Hytte Forum for felles utveksling avinformasjon.

## Næringsutvikling

Kommunestyret vedtok i sak K- 63 i møte 18.desmber 2014 ny tilskotsordning, «næringsstipend» til fyrste gongs unge etablerarar i Vang. Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. Nærare om ordninga ligg på kommunen si heimeside. Det vart utbetalt 4 stipend i 2016 (40.000kr).

For 2016 var det løyvd 2,83 mill. kr i tilskotsmidlar, med følgjande øyremerking:

Innovangsjon SA:	
tilskot til innovangsjonsminister og næringsutviklar	1 300 000 kr
Næringsutvikling	1 000 000 "
Visit Valdres	175 000 "
Valdres Destinasjon	175 000 "
Løypetilskot	180 000 "



### Næringsutvikling

Det vart gjeve 1 million kroner i næringsutvikling fordelt slik:

Tveitabru Eigedom AS	475 000 kr
Mjøsvang eigedom AS	236 400 kr
Randi Ødegården	8 100 kr
TurApp AS	19 500 kr
Makalaus Design	21 000 kr
Ryfoss bensin og service	40 000 kr
Jotun Fishing	70 000 kr
Kongevegen over Filefjell	100 000 kr
Industrivekst Vang	125 000 kr
<b>TOTAL</b>	<b>1 095 000 kr</b>

### Moment i næringsarbeidet

Personleg kontakt med folk som vender seg til kommunen og rask saksbehandling.

God dialog og samhandling med lokal bank.

Samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark,

Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Visit Valdres.

Samarbeid og kontakt med Innovangsjon SA, og deltaking på deira arrangement:

Dette er særskilt viktig av di mesteparten av løyvinga til næringsføremål frå 2012 - 2015 er omdisponert nettopp til Innovangsjon SA. I tråd med føresetnadene ved siste behandling av søknaden deira om tilskot skal selskapet fungere som rådgjevar for kommunen i næringsaker.

Innovangsjon SA rapporterer særskilt kvart halvår til kommunestyret.





## Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

I tariffsamaheng var hovudoppgjer i 2016. Årslønsvekst frå 2015 – 2016 i kap. 4 var rekna til 2,4 %. Generelle tillegg og nye minstelønssatsar tok til å gjelde frå 1. mai. Det var ikkje lokale forhandlingar for tilsette i kap. 4 i 2016. Noko av lønsveksten er lagt inn med verknad frå 01.05.2016.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap. 3 og 5 blir gjennomført årleg og har verknad frå 1. mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartnar m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år. I 2016 – vidareført frå 2015 - har vi hatt særleg fokus på omstillings-prosessar og psykososialt arbeid i samband med dette. Vi har brukt 118 timar i 2016.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnarar. Avtalen om Inkluderande Arbeidsliv (IA) gjeld til 31.12.2016. Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværsarbeidet. Å følgje opp rutiane for sjukefråvere og inkluderande arbeidsliv, aktiv seniorpolitikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

I 2016 var sjukefråværet 7,9%, som er ein auke på 0,6 % frå året før. Samanlikna med målsettinga om at 94 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid, bør sjukefråværsarbeid ha ein ekstra fokus. Ved behov for tilrettelegging i ein gitt periode er det ei stor utfordring å finne alternativt arbeid eller byte av arbeidsplass i ein liten kommune som Vang. Det er viktig at andre tilsette har ei positiv haldning til å ta ei ekstra belastning når tilsette har behov for tilrettelagt arbeid.



## Sjukefråvær

<b>Sjukefråvær Vang kommune</b>	
2016	7,9 %
2015	7,3 %
2014	6,2 %
2013	7,0 %

<b>Sjukefråvær pr. etat</b>				
	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
<b>Rådmannskontoret</b>	0,5 %	1,0 %	1,2 %	2,4 %
<b>Etat for Skule og kultur</b>	6,9 %	5,7 %	6,5 %	5,1 %
<b>Etat for Helse og omsorg</b>	8,1 %	7,5 %	8,7 %	11,8 %
<b>Etat for Teknisk og landbruk</b>	5,1 %	4,2 %	7,1 %	4,2 %

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei fleste verneområda. Vi har teke i bruk «Kvalitetslosen» som er eit system for avviks-behandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningslinjer.

Vang kommune er rimeleg godt dekkja med fagstillingar, og for tida har vi ikkje ledige stillingar på høgskulenivå.

Sju tilsette var bedne inn til ei markering av di dei hadde arbeidd 25 år i kommunen, fire av desse møtte.



## Eldrerådet

Vang elderråd har i valperioden 2016-19 desse medlemmene: Magnor Wigdel, Inger Solveig Bøe, Boye Thorpe, Marie Borlaug, *Aud Synnøve Kvale*, Ove Martin Stende og Anne Lajord Belsheim.

I september fekk *Aud Synnøve Kvale* fritak frå politiske verv, og 1. vara, *Inga Steile* rykka opp som fast medlem i elderrådet. Gerd Marken vart vald som ny 1. vara.

Det nye elderrådet konstituerte seg på møte den 24.11.2015, der Magnor Wigdel vart vald som leiar, og Inger Solveig Bøe som nestleiar.

Rådet har hatt 4 møter og behandla 14 saker.

Rådet har uttala seg i følgjande saker:

- Oppretthalding av NAV Valdres i Vang
- Ny organisasjonsplan for helse- og omsorgsetat
- Årsmelding or regnskap for Vang kommune 2015
- Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-20

## Aktiviterar:

- Leiar Magnor Wigdel har vore med på møte på Vangsheimen vedr. brukarmedverknad.
- Eldrerådet har hatt besøk av Marte Tangen frå frivilligsentralen for å diskutere kva ein kan gjera for å få dei eldre i kommunen med på aktivitetar
- Eldrerådet har sendt brev til busselskapa vedr. ruteopplysningar på haldeplassar, med ynskje om enklare tilgang på rutetider for eldre i kommunen.
- Inga Steile er valt til å representere elderrådet i «arbeidsgruppe til utarbeiding av forskrift vedr. kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim», når denne arbeidsgruppa vert ein realitet.
- I sak EL-009/16 vedtok elderrådet at dei vil prøve å få til eit fast dialogmøte med Vang Pensjonistlag om våren. Der vil dei diskutere saker som er viktige å leggja vekt på i forhold til kommunalt budsjett, ein form for «idèbank» som skal leggja grunnlag for ei sak til elderrådet sitt møte i september.

## Rådet var dette året representerte i:

- Felles elderrådsmøte i Vestre Slidre 14.06.16, med 4 representantar
- Haustkonferanse på Honne i regi av Oppland fylkes elderråd, 6. og 7. okt. med 3 representantar.

## Arrangementer i regi av Vang elderråd dette året:

Arrangement på Torsheim den 18.10.16 i høve eldredagen



## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

For valperioden 2016-19 er Derk Stegwee vald som leiar og Rita Berge som nestleiar.

Rådet har hatt 3 ordinære møte og behandla 11 saker:

Desse sakene er bl.a.:

- Oppretthalding av NAV –valdres i Vang
- Rusførebyggjande handlingsplan
- Ny organisasjonsplan for helse og omsorgsetat
- Årsmelding og rekneskap for Vang kommune
- Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
- Sak vedr. tilgjengelegheit busshaldeplassar
- Sak vedr. personheis svømmebasseng VBU

Leiar i RMF har deltatt på 2 informasjonsmøter i regi av leiinga i IHT. Der var også leiar i eldrerådet invitert

## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvala i Valdres samarbeider tett og med revisjonen for å prioritere tileggenlege kontroll- og tilsynsressursar gjennom Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal. Gjennom felles kontrollutvalsmøte vurderer utvala kontroll- og tilsynsbehovet ut frå risiko og kva som er vesentleg for Valdreskommunane samla.

Eiga årsmelding for kontrollutvalet blir lagt fram for kommunestyret som referatsak kvart år.

## Barnevern

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre jobbar etter Lov om barneverntenester. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Barnevernstenesta sin aktivitet blir til ein viss grad styrt av talet på mottekne bekymringsmeldingar, då alle mottekne meldingar skal vurderast og i mange tilfelle undersøkast. Vidare arbeid vil avhenge av omsorgssituasjonen.

Det er god økonomi å ha eit robust barnevern som har tilstrekkeleg kompetanse, ressursar og tiltak for å kunne løyse oppgåvene dei er sett til. Tidleg innsats og tverrfagleg førebyggjande arbeid kan redusere omfattande og kostbare tiltak utanfor heimen. Tidleg innsats kan og redusere omfattande og langvarige konsekvensar for det enkelte barn.

## Hendingar og aktivitetar

- Det er ei statleg styrking av kommunale barnevernstenester. Fylkesmannen i Oppland har tildelt barnevernstenesta i Vang og Vestre Slidre 50 % stilling, med ½ årsverking for 2016 og vidareføring i 2017. Vi har frå før ei halv fagstilling med midlar frå fylkesmannen, dvs at vi no har ei 100 % fagstilling betalt av staten. I kommunestyret 19.12.16 vart det vedteke å gjere om desse engasjementsstillingane til ei fast 100 % stilling. I tillegg vart tenesta auka med eit engasjement på 30 % i perioden 01.01.17. – 31.12.17.



- Det har vore ei stor auke av bekymringsmeldingar og undersøkingar i 2016. Totalt var det 66 barn/unge som fekk oppfølging av barnevernet, inkludert bufellesskap i Vang kommune med 6 einslege mindreårige .
- I tillegg til dei ovannemnte som får oppfølging frå barnevernet, har barnevernet i 2016 hatt ein stor auke i talet på mottekne bekymringsmeldingar. I 2014 var talet på bekymringsmeldingar 34, i 2015 37 og i 2016 63. Dette gjeld barn og unge i begge kommunane i alderen 0-18 år, der hovudvekta av tiltaka er for aldersgruppa 6 – 13 år. I tillegg var 3 barn plassert frå andre kommunar, som vi har tilsynsansvar for. Det er sett i verk tiltak frå fosterheimar til enklare hjelpetiltak i heimen. Det enkelte barn kan ha fleire tiltak
- Dette har ført til eit auka arbeidspress for dei tilsette i tenesta. Vi har ei kvalitativt god teneste, men med berre 5 årsverk fagstillingar og 0,4 stilling merkantil den er liten og svært sårbar. Det har vore innleidd konsulenthjelp frå «Barnevernskompetanse» - dette er ei svært kostbar ordning.
- Barnevernstenesta har eit utstrakt og godt samarbeid med andre faginstansar i kommunane, og med interkommunalt barnevern for dei 4 andre Valdreskommunane.
- Det er ikkje etablert barnevernsvakt i Valdres for kveld og natt. Politiet har dette ansvaret og kontaktar sporadisk barnevernet når det skjer noko utanom arbeidstid, men dette er ikkje ei formalisert ordning.
- Som del av Fylkesmannen i Oppland si planlagde tilsynsverksamheit var det varsla at det skulle gjennomførast tilsyn med kommunens arbeid med meldingar til barnevernstenesta og tilbakemelding til melder, i november -16. Dette tilsynet er utsett til 2017.
- I eit møte mellom Vestre Slidre og Vang 16.11.16 vart det bestemt at ein skulle starte ein prosess for å vurdere om barnevernstenesta for Vang og Vestre Slidre framleis skal vere ein teneste, eller om det er grunnar for å slå seg saman med barnvernstenesta for resten av Valdres fom 01.08.18.



## Oppvekst, kultur og integrering

Etatssjef: Tommy-René Stordal

### Målsetjingar

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplev personleg og fagleg utvikling.
- Innafor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innafordelte budsjettrammer.


### Hovudarbeidsområde


Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvernarbeid, motorferdsel i utmark og drift av introduksjonssenteret for Vang med flyktingteneste og vaksenopplæring.

Talet på tilsette i 2016 var 121 + 8 ungdommar i sumar halvåret. Dette utgjorde ca. 73 årsverk.

### Økonomi

Ansvar 200-290		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	64 423 299	64 240 000	183 299	0,2
	Inntekter	-26 841 258	-22 794 000	-4 047 258	17,75
	Netto driftsutgifter	37 582 041	41 446 000	-3 863 959	-9,3
Investeringsutgifter		75 373 208			





Det gode økonomiske resultatet for etaten i 2016 kjem i hovudsak av meirinntekter knytt til flyktningar, der vi fikk 1,6 millionar kroner meir enn budsjettert. Etaten fikk også 2 millionar kroner meir i refusjonar enn berekna der 968 tusen kroner er knytt til sjukeløn og 585 tusen kan forklarast med høgere momskompensasjon enn budsjettert grunna høgere innkjøp. Salsinntekta til etaten enda på 500 tusen meir en budsjett der husleige knytt til introduksjonssenteret utgjorde 232 tusen kroner og kulturskolen fikk inn 119 tusen kroner meir enn budsjettert.

Vi enda med eit generelt overforbruk på varer og tenester på 2,5 millionar kroner som vart dekkja inn ved eit underforbruk på 2,3 millionar kroner på løn.

Om ein ser på trendutviklinga så auke utgifta meir en trendlinja skulle tilsvara i 2016, dette har sjølvstøtt ein samanheng med oppstartinga av Gullringen bufellesskap for einslege mindreårige. Inntektsauken kan også sjås i samanheng med dette tiltaket. Mykje av mindreforbruket av lønsmidlar kommer av at budsjettet var lagt opp til heilårs drift frå 2016, oppstartinga skjedde ikkje derimot før i mai. Totalt må ein seia at oppstartinga av tiltaket gjekk bra, det vart noko overforbruk då ein ikkje heilt hadde sett for seg alle dei oppstartingskostnadene som kom.

### Oppvekst, kultur- og integreringskontoret

På oppvekst, kultur- og integreringskontoret er det etatssjef, rådgjevar, barnehagestyrar og kulturskulerektor.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektor VBU, inspektør VBU, kulturskulerektor, barnehagestyrar, bibliotekssjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for introduksjonssenteret. Dei tillitsvalde deltek også på nokon av desse møta.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Innafor denne etaten sitt ansvarsområde er det etablert regionale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage bibliotek og kulturskule.

*I det følgjande blir det presentert eit redigert utdrag av kvar enkelt eining si årsmelding. Dei fullstendige årsmeldingane er tilgjengeleg på skule- og kulturkontoret.*

### Barnehagane

#### Barnehagestyrar: Yvonne Mæland Solemsli

Vang har full barnehagedekning. Av dei totalt 68 barna i barnehagane i Vang, følgde 16 skuleåret. Barnetalet fordelar seg med 13 barn i Øye barnehage, 30 i Fredheim barnehage og 23 barn i Høre barnehage. Vang er av dei kommunane i Oppland som ligg høgst når det



gjeld andel av eitt- og toåringar i barnehage (oppunder 90 %). Hausthalvåret 2016 var det 20 minoritetspråklege barn i barnehagane.

I 2015 laga barnehagane i Vang ein felles visjon: «Vi løftar barna fram» Den handlar om at alle vaksne i barnehagen skal sjå kvart barn, høyre kvart barn, la kvart barn få utvikle seg sjølv, men med støtte og hjelp av engasjerte og motiverande vaksne. I 2016 er barnehagane i første ledd i utdanninga, kor dei legg til rette for utvikling og positive utfordringar. Dei vaksne har som mål å skapa magiske augneblink saman med barna. Fokuset er å vera anerkjennande, vise glede, ha humor og vera ansvarsbevisste.

**Fredheim barnehage:** Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen med gangavstand til bibliotek, kommunehus, Vang barne- og ungdomsskule og Vangshallen. I 2016 har barnehagen sitt tema vore naturvitskap, med forskning i naturen, naturfenomen, planetar, miljø og miljøvern som sentrale fokusområder. Samstundes har barnehagen vore med på den felles satsinga i Valdres, som har vore tidleg innsats med språk i fokus. Dei tilsette trekker fram at dei er godt nøgd med det psykososiale arbeidstilhøve.

**Åsvang barnehage:** Åsvang barnehage var ikkje i aktiv drift i 2016 grunna lågt barnetal.

**Øye barnehage:** Etter ei evaluering av barnehageåret 2015, såg dei tilsette i Øye barnehage eit forbettringspotensiale i å lesa bøker i barnehagen. Frå og med hausten 2016 valte dei av den grunn å jobba meir med dette temaet. Frå tidlegare har barnehagen hatt god erfaring med prosjektarbeid og barns medverknad, og gjennomførte difor eit prosjekt knytt til ei bok/eit eventyr. Gjennom dramatisering, laga rekvisittar, lesa forteljing, spele dokketeater og skriva brev, har begge avdelingane jobba aktivt med prosjektarbeid. Dei har hatt fokus på å nytta språket og ha samtalar kring bøkene, noko som er positivt for språkutviklinga til kvart enkelt barn.

**Høre barnehage:** I 2016 flytta Ryfoss barnehage til Høre og vart dermed til Høre barnehage. Barnehagen overtok lokalane til tidlegare Høre skule, og fekk med dette ein flotte barnehage med mykje plass til både små og store, så vel ute som inne. Høre barnehage har gjennom året hatt fleire spennande tema. Gjennom temaet «kroppen» arbeida dei med kroppen sine ulike sansar og anatomi, og om likskapar og forskjellar mellom jenter og gutar. Dei har også arbeida med kjensler og relasjonar, gode og vonde hemmelegheiter, kva som er greitt å halde for seg sjølv og kva ein bør fortelje til andre. Berøring og grenser, som eit ledd i førebygging av overgrep har vore viktig. Gjennom temaet «vann» har barnehagen gjennomført fleire eksperimenter som t.d. kva som flyter og kva som frys til is, til store glede for dei små. Høre barnehage har elles gjennom året fokusert på norske tradisjonar knytt til høgtidene. Mykje tid ute og i nærmiljøet har vore eit viktig element gjennom barnehageåret.

**Generelt frå barnehagane i Vang:** Ståstedsanalysen vart gjennomført i alle barnehagane hausten 2016, og ei ny ståstedsanalyse skal gjennomførast våren 2017. På seinhausten og rett over nyttår vart det gjennomført kommunalt tilsyn med barnehagane. Tilsynet handla om barnehagane sitt arbeid med likestilling. Varsel vart sendt ut på førehand og alle barnehagane sendte inn dokumentasjon. Etatssjef og barnehagemyndigheit var ute i kvar barnehage og hadde tilsyn med pedagog og assisterande styrar, og det er gledeleg å melda at ingen barnehagar hadde avvik. Gjennom medarbeidarsamtalar, foreldresamtalar og observasjonar har etaten eit godt grunnlag for å meine at både barn og vaksne trivst og utviklar seg i Vangsbarnehagane.

Eit viktig fokus frametter er å oppretthalda og vidareutvikla gode fagmiljø på kvar arbeidsplass. Øye barnehage har eit lågt barnetal med få vaksne, og det må ved





barnehageopptaket i 2017 vurderast om det er grunnlag for vidare drift komande barnehageår. Ei slik avgjersle vil i så tilfelle takast i utval for levekår, etter drøfting med foreldre og tilsette i barnehagen. Eit anna viktig fokusområde er stabilitet og at eininga må arbeida kontinuerleg og målretta med å halda sjukefråværet lågt.

## Vang barne- og ungdomsskule

Rektor: Tor Nordås

Skuleåret 2015-2016 vart for første gong alle grunnskuleelevar i Vang kommune samla ved Vang barne- og ungdomsskule. Skulen er fulldelt, klasseromma er lyse og trivelege med ny innreiing etter ombygginga. Spesialromma i kjellaren som kunst & handverk og skulekjøken vart i praksis klare til bruk etter haustferien i 2016. Fleirbrukshallen vart ikkje opna for bruk før etter årsslutt. Terapibassenget er framleis under arbeid, slik at bassengavdelinga ved årsslutt ikkje er i bruk. Det vil også stå att ein del utarbeid som asfalteringsarbeid etc. til våren og sommaren 2017. Det er stor glede blant elevar og tilsette over å ha fått teke dei fleste romma i bruk.

**Mål:** Ved Vang barne- og ungdomsskule jobbar dei i høve til følgjande overordna mål: «Vi ynskjer å vere ein skule der elevane er i eit trygt miljø, med ei oppleving av sosial tilknytning. Vi ynskjer vidare at alle elevar skal få ei best mogeleg fagleg utvikling gjennom god kvalitet på undervisninga og god oppfølging av kvar elev. Vi ynskjer også å vere ein skule der dei tilsette trivst, og opplever personleg utvikling, gjennom eit fagmiljø som baserar arbeidet på kunnskap.»

**Resultatvurdering:** På nasjonale prøver har 5. klasse oppnådd desse resultatata; engelsk: 40 skalapoeng, lesing: 43 skalapoeng og rekning: 41 skalapoeng. Nasjonalt snitt er alltid 50. Resultata i Vang endrar seg ein del frå år til år, men ein må konkludere med at resultatata her er ein del svakare enn det ein kunne ynskje.

8. trinn hadde i engelsk gjennomsnittleg 51 skalapoeng mot 51 i fjor, lesing 49 mot 50 i fjor og rekning 49 mot 48 i fjor. Dette betyr at vi ligg om lag på landssnittet, og litt over i lesing. Det er også framgang i frå i fjor.

9. trinn oppnådde 56 skalapoeng i lesing mot 52 i fjor. I rekning oppnådde dei 51 skalapoeng mot 49 i fjor. 9. klassekullet har i lesing utvikla seg 2 skalapoeng betre enn nasjonen sidan 8. klasse, mens dei i rekning har hatt 1 skalapoeng dårlegare utvikling enn landsgjennomsnittet.

Ein skal merke seg at små kull gjev stor usikkerheit i resultat samanlikna med store kull. Dette forklarar mykje av svinginga i resultat frå år til år i Vang. Gjennom resultat på nasjonale prøver ser ein likevel ein trend der elevane i Vang har ei betre utvikling gjennom mellomtrinn og ungdomstrinn, samanlikna med utviklinga dei første fire åra.

Avgangskullet i 2016 oppnådde i gjennomsnitt 40,9 grunnskulepoeng, mot 41,2 for nasjonen. Resultatet er noko lågare enn året før, men i nærleiken av resultatet for nasjonen.

**Ressurssituasjonen:** Elevtalet i Vang har vore i sterk vekst dei siste to åra. Ved skulestartåret 2015 starta det 167 elevar. Ved utgangen av 2016 var talet oppe i 184. Etter dette har elevtalet nærma seg 200. Skulen har ein teoretisk kapasitet for 220 elevar. Dette betyr at mange av klasseromma byrjar å fylle seg opp. Fleispråklege elevar står for om lag 25% av elevmassen. Av desse er det ein stor del flyktingar som har lite eller ingen norskkunnskap når dei startar og ofte også lite skulebakgrunn. Det er også vanleg at dei flyttar vekk frå Vang etter relativt kort tid, mens det kjem nye til. I tillegg kjem ein del elevar med behov for større tilpassingar i opplæringa eller behov for spesialundervisning.



Det er naudsynt med god lærar- og vaksentettleik for å kunne gje alle elevar god tilpassa undervisning og lukkast med god utvikling for alle. Med bakgrunn i godt arbeid innanfor tilpassa opplæring og god lærar- og vaksentettleik fram til det seinare har Vang ein liten andel elevar med vedtak for spesialundervisning. Det er grunn til å merke seg at dersom ressursane ikkje blir oppretthalde på nivået det har vore vil dette raskt resultere i ei opptrapping av elevar med rett til spesialundervisning. Både fordi støtta til den einskilde elev blir redusert, men også fordi sakkunnig instans må sikre retten til den enkelte i større grad.

Ut frå utviklinga i elevtal og samansetning, og at samla stillingsressurs har vore tilnærma lik sidan skulesamanslåinga må ein vere førebudd på behovet for auke i lærar- og assistentstillingar for å sikre eit godt grunnskuletilbod for alle.

Sidan skuleutbygginga og samanslåinga starta har det vore ein svært pressa situasjon for skuleleiinga. Mykje av arbeidstida til rektor har gått med til oppgåver direkte knytt til byggeprosjektet. Deltaking i plan- og byggjekomitearbeidet og direkte ansvar for oppfølging av m.a. inventarbehov og infrastruktur for IKT kan nemnast. Dette har igjen ført til delegering av oppgåver til inspektør. Skulen har likevel hatt ei aktiv og god utvikling. Positive og kompetente tilsette er ein avgjerande faktor i dette.

**Kompetanseutvikling:** Skulen har hatt tilsette på mellom anna desse kompetansehevande tiltaka:

- Skulebasert kompetanseheving i «vurdering for læring» og «lesing i alle fag»
- Etterutdanning i norsk og matematikk

**Skulelokala:** Skulelokala framstår som moderne, lyse og trivelege. Klasseromma er for ein stor del oppfylt. Nye spesialrom og fleirbrukshall gjev svært gode mogelegheiter for læring og aktivitet.

**Internkontroll og kvalitetssikring:** Vang barne- og ungdomsskule har arbeidd med skulebasert utvikling innanfor «lesing i alle fag» og «vurdering for læring». Utvikling innanfor Office 365, og nye IKT-løysingar frå IST i samband med skifte av læringsplattform og skuleadministrativt system pågår framleis. Skulen opplever at samarbeid og felleskjensle i personalet har utvikla seg positivt etter samanslåinga. Skuleutviklingsprosjekt for alle lærarar der det blir arbeidd mykje på tvers av årssteg er nok ei viktig årsak til dette.

**Foreldresamarbeid:** Skulen har hatt foreldremøter og konferansar etter vanleg system med felles foreldremøte på starten av skuleåret, og konferansetimar for kvar elev minimum ein gong kvart halvår. For svært mange elevar er kontakten langt hyppigare enn dette. I tillegg har dei ulike organa for samarbeid mellom heim og skule vore samla.

**Planar framover:** Det viktigaste arbeidet i tida framover blir å arbeide for eit best mogeleg samarbeid i personalet, og styrke læringsmiljøet i klassene. Målet er stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheiter hjå elevane. Like viktig er det at elevane trivst og opplever eit godt miljø på skulen! For å få til dette treng skulen endå betre kunnskap om kvar einskild elev sine utviklingspotensial på ulike område, og kontrollert oppfølging av opplæringa og utviklinga. Testar, kartleggingar og samarbeid mellom faglærarar og med heimen blir viktig. Skulen har starta eit meir systematisk arbeid enn tidlegare, i høve til bruk av resultatata frå nasjonale prøver. Dei arbeider også meir systematisk med elevundersøkinga. Vang barne- og ungdomsskule har no gjennomføring av elevundersøkinga både haust og vår, frå 5. til 10. klasse og gjennomfører målretta tiltak mellom gjennomføringane.



## Kulturskulen

Rektor: Oddbjørn Skeie

Kulturskulen hadde 68 elevar i haustsemesteret 2016 Tilsvarande tal for haustsemesteret 2015 var 67 elevar.

84 elevplassar er noko under 50 % av det totale elevtal i grunnskulen i Vang. Desse elevplassane er fordelt på 59 elevar i grunnskulen, som er 31 % av elevtalet i grunnskulen. Norsk kulturskuleråd sin målsetting er 30%, så her er kulturskulen noko over. Sist år låg kulturskulen på 41% her, så dette er ein nedgang.

Utbygginga på Vang barne- og ungdomsskule er no så godt som ferdig, og kulturskulen flytter inn i nye lokalar i starten av 2017. Eininga har dette året vore på Høre skule med rockeverkstad, slagverk, teater og gitarundervisning. Resten av kulturskulen sin undervisning har vore på Vang barne- og ungdomsskule, der vi mellom anna har fått låne rom på helsestasjonen. Lærarane har vore satt på litt ekstra prøve på grunn av utbygging dette året og, men dette har dei takla på ein positiv måte.

## Introduksjonssenteret

Leiar: Erik Martinsen Dalåker

Introduksjonssenteret har ansvar for vaksenopplæring innan norsk og samfunnsfag, for i all hovudsak asylsøkarar frå Vang mottakssenter. Desse har to ulike tilbod: Asylnorsk over 175 timar mens dei ventar på behandling av saka si, og rett og plikt til 600 timer norsk og samfunnsfag når dei får opphald i Noreg og ventar på å få tildelt kommune. Samtidig har introduksjonssenteret tilbydd arbeidsinnvandrarar å delta på skulen så lenge det passar for dei med skule på dagtid. Dei ser på dette som ei god løysing da asylsøkarane då kan delta på ulike nivå. Introduksjonssenteret tilbyr i tillegg arbeidsinnvandrar å delta på eksamen gratis.

Introduksjonssenteret har ansvar for busetjing etter politisk vedtak, og skal i tillegg organisera introduksjonsprogram for busette flyktningar. Vang kommune har avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet om busetjing av 15 flyktningar over ei 5-års periode (2014-2018). Introduksjonsprogrammet går ut på kartlegging, oppfølging og målretta rettleiing mot utdanning eller arbeid.

Etter sommarferien blei Nina Dalsegg flyktningkonsulent, og senteret fekk ein ny lærar med på laget, Helly Ottebergesen. Tal på tilsette er 5 lærar, 2 i 100 prosent og 3 frå 20 til 70 prosent. Dei sit på god og brei kompetanse innanfor fagfeltet.

Introduksjonssenteret i Vang har mange gode samarbeidspartnarar med seg i det daglege arbeidet. Vang mottakssenter, Vang folkebibliotek, Innvangsjon og Vang Frivilligsentral må nemnast. Elles er det mykje spanande som skjer på tvers av kommunale sektorar som til dømes Integrasjonsforum, Vinjerock, Vårt nabolag-festivalen og ikkje minst vårt eige lille prosjekt VangsRiva. Dette er eit prosjekt kor senteret tilbyr gratis hjelp til folk i Vang i sommarferien. Dette er eit prosjekt som er med på å vise fram dei vaksne busette innvandrarane for folk i bygda. Innvandrarane får språkpraksis og brukt arbeidsvilja si, og folk i Vang får møtt dei og blitt kjent med dei samtidig som dei får hjelp med noko dei treng å få gjort. Dette gjer at me føler vi ligg godt an i løypa mot at Vang skal bli best i Noreg på integrering. Avslutningsvis er det verdt å nemna, at prosjekta på pluss sida som gjer at vi skil oss litt ut, nå synes utanfor våre eigne kommunegrenser. Introduksjonssenteret har blant anna fått ein god dialog med andre bufellesskap og andre kommunar som skal starte eigen introduksjonssentral.

**Gullringen:** Introduksjonssenteret har i løpet av 2016 busett 6 ungdommar i eit bufellesskap for ungar under 15 år. Det gikk raskt føre seg på vårparten og i mai var bufellesskapet klar



for å ta i mot den første guten. Gullringen starta opp i april med tilsetting av to medarbeidarar i prosjektstilling. Ein i 60% og ein i 20%, kor den eine tok føre seg rutinar og reglement medan den andre jobba med tilrettelegging av huset, inventar og system som søppelhandtering, kjøkken, bad osv.

Introduksjonssenteret har samarbeida med liknande tilbod i Hønefoss, Gjøvik, Nordre Land og Bergen. Sjølv busettinga går føre seg på den måten at ein først reiser til mottaket ungdommane bur på, for deretter visa bilete og fortelja om korleis livet er i Vang. Etter at ungdomane hadde fått noko tid til å tenke, hadde alle gutane eit ynskje om å koma til Vang. Dette var ei særst positiv oppleving, og den første guten kom allereie dagen etter besøket. Til å jobbe med gutane på Gullringen, har vi tilsett 12 dyktige menneske som jobbar i turnus. Dei kjem frå både Vang og nabokommunane. Det har vore både opp- og nedturar, men vi har no både personale og ungdommar godt på plass i huset i Lundsmarka som har fått namnet Gullringen. Det har vore ei bratt og samstundes svært positiv læringskurve. Med mykje godt samarbeid med skule og andre kommunale tilbod, kan introduksjonssenteret melde at gutane trivst og fungerer bra i kvardagen med skule, lekser og fritidsaktivitetar. Dei er idrettsleg aktive, likar å gå på skulen og setter spesielt pris på at dei får gå i vanleg klasse saman med norske elevar. Dette er også noko introduksjonssenteret kan sjå slår heldig ut på karakterane deira i tillegg. Det er over all forventning. Sjølv om dei tilsette har eit hektisk storfamilieliv, med mykje køyring og koordinering, så er dei særst godt fornøgd med korleis Gullringen har blitt tatt i mot i Vang. Det er artig å sjå at andre elevar bryr seg om gutane og at foreldra tar dei med seg heim og finn på ting saman med dei.

Framover skal Introduksjonssenteret i 2017 busette 5 nye flyktingar. I tillegg vil senteret fortsette å prioritere god norskundervisning og eit trivelig, positivt senter kor alle har gode moglegheiter til å lære norsk og ta eksamen.

**Spesialundervisning for vaksne** har også tilhald på Lund. Omfanget av undervisninga er omtrent som før og inneheld øving, innlæring og vedlikehald av aktivitetar og ferdigheiter. Undervisninga skjer både i lokala på Lund, på VBU, utandørs i ulike miljø og i bustadane til elevane.

## Bibliotek

### Bibliotekssjef: Åsta Brenna

Vang folkebibliotek har hatt eit aktivt og godt besøkt år i 2016, med 27 201 besøkjande. Målet er at biblioteket skal vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda – biblioteket har formidla mange ulike kulturelle uttrykk; utstillingar, teater, musikk, og film.

Utlånet av litteratur for både barn og vaksne har gått noko opp sidan 2015, filmutlånet noko ned. Det totale utlånet i 2016 var på 18 293 enkelttitlar i tillegg til fjernlån.

Målet til biblioteket er å vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda. Biblioteket har formidla mange ulike kulturelle uttrykk; utstillingar, teater, musikk og film, samt ulike kurs, offentleg samtale og debatt. Den viktigaste arbeidet i 2016 har vore litteraturformidling, som er hovudoppgåva.

Målet til biblioteket er å vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda. Biblioteket har formidla mange ulike kulturelle uttrykk; utstillingar, teater, musikk og film, samt ulike kurs, offentleg samtale og debatt. Den viktigaste arbeidet i 2016 har vore litteraturformidling, som er hovudoppgåva.

På hausten viste Norsk kulturindeks at Vang folkebibliotek ligg på andre plass på landsbasis når det gjeld utlån av bøker og tal på besøkande. Dette stadfestar at biblioteket er ein viktig



møteplass i bygda, og at samarbeidet med Frivilligsentralen fungerer godt.

Frå april til juni hadde biblioteket fleire arrangement med fokus på kasserte bøker og spørsmålet: Kva er eigentleg ei bok? Programmet inkluderte mellom anna ei vandretstilling retta mot barn, og fire lokale kunstprosjekt innvia under parolen «Kassert». Samlokaliseringsprosjektet «FriBib» – avdelinga for faglitteratur og barneavdelinga har bytta plass. Det vart og starta bygging av eit lagerrom. Prosjektet held fram i 2017.

I løpet av sumaren og hausten 2016 var det nye Skulebiblioteket på VBU ferdig innreia, og samlinga katalogisert. Utlånet for 1. – 7. klasse kom diverre ikkje i gang før i 2017, men elevane på ungdomsskulen rakk å låne 243 titlar i 2016.

Biblioteket si prøveprosjekt med utvida opningstid (ubemanna bibliotek) frå 19.00-22.00 på tysdagar har helde fram heile 2016.

## Frivilligsentralen

Leiar: Marte Tangen

Vang frivilligsentral har i 2016 halde ope måndagar, tysdagar og onsdagar frå kl.11.00 til 15.00. Frivilligsentralen held til på Vangstunet.

Hovudmålet til frivilligsentralen er å vera ein katalysator for frivillig verksemd i Vang, gjennom visjonen «møte mellom menneske». Frivilligsentralen skal vera ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kulturar, vera ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen, auke det eksisterande tilbodet der det er behov, og ikkje minst vera ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda.

Frivilligsentralen har eit eige styre, og styreleiar i 2016 har vore Erik Martinsen Dalåker. Dei gjennomførte årsmøte 10.02.16 og har elles hatt 4 styremøter gjennom året.

Ved utgangen av 2016 hadde Frivilligsentralen 119 registrerte frivillige. Dei frivillige utførte i 2016 om lag 775 timar med frivillig arbeid. Verdt å merke seg er at 13% av de frivillige er bebuarar på mottakssenteret. 17% av dei frivillige er pensjonistar som dei står for ein stor del av timane.

**Tilbod som er nytta i 2016:** Leksehjelp, studiehjelp, datahjelp, turven, hjelpetenester og øvingskøyring.

**Arrangement:** Saman med biblioteket og andre har Frivilligsentralen arrangert 30 arrangement med til saman om lag 1435 besøkande. I tillegg har dei hatt faste aktivitetar som sommarfritidsklubb, norsktime, samtalegruppe og teikneklubb.

**Gjennomførte prosjekt:** Vang frivilligsentral har vore svært aktiv i 2016.

*Bulystprosjektet 'Integrerende arbeidsliv'* vart avslutta, ein eigen prosjektrapport ligg på sentralen si nettside. *Tiltak for eldre/benkeprosjektet* - sommaren 2016 vart kongevegbenkane ferdigstilt, og 5 benkar vart monterte langs gangvegen i sentrum.

*Vinjerock* - vi har bygd vidare på samarbeidet med festivalen, og i 2016 fikk dagleg leiar plass i staben som 'mangfaldssjef' med fokus på rekruttering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma og integrering av flyktingar. 8 flyktingar og 8 ungdommar var involvert i festivalen i 2016.

*#VÅRTNABOLAG* - i samarbeid med Oslo World Music Festival, Vinjerock, mottaket, introduksjonssenteret, Innovangsjon og biblioteket arrangerte vi eindagsfestivalen

*#VÅRTNABOLAG* på mottaket i august med om lag 300 publikummarar.

*Fotballturnering* - i samarbeid med mottaket, Innovangsjon og FK Vang arrangerte vi fotballturnering på Tveit i september.

*Integrasjonsforum* - vi hadde i 2016 tre møter, og har jobba mykje med å utvikle ein



*Vang kommune*  
*- vilt og vakkert*

handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme som vart vedteke av kommunestyret i februar 2017.



*Julegåvedugnad* - vi organiserte innsamling av julegaver til ungane på mottaket og introduksjonssenteret. Vi opplevde stor givarglede i vangsbefolkninga og stor takks emt bland mottakarane.

## Logopedtenesta

Logoped: Solveig Heimlid

Logopedtenesta er organisert gjennom PPT Valdres, med unntak av 20 % stilling som er helde att til bruk i Vang. Stillinga skal fyllast med logopediske oppgåver i oppvekstseininga. Mål for arbeidet er å hjelpe barn og unge i barnehage- og grunnskulealder med ulike utfordringar. Døme på dette er uttale- og artikulasjonsvanskar, fonologiske- eller utviklingsmessige språkvanskar, taleflytvanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar der ein kan sjå at det er språkvanskar som ligg til grunn, ulike diagnosar der språkvanskar er ein del av tematikken, og fleirspråklegheit der språkvanskane er med på å hemma språkutviklinga. Totalt har logopeden i 2017 jobba med 17 barn.

Logopeden i Vang har eit tett samarbeid med andre aktørar kring barnehagebarna og elevane. Logopedtenesta har kontor plass på Vang barne- og ungdomsskule, og logoped har gjennom året halde seg fagleg oppdatert. Nytt av året er at datamaskina er bytta ut med iPad. Dette løyser ut eit behov for tilpassa programvare. Etaten må også sjå på behov for eventuelt nytt materiell til kontoret i 2017. Det gode faglege samarbeidet med pedagogar og assistentar har fungert godt.

## Idrett og friluftsliv

Også i 2016 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 turar på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka for Vang som også finst i digitalisert utgåve. I 2016 har det også vore brukt mykje ressursar på vedlikehald av Kongevegen frå Kvam til Filefjell. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslaga, til slått og stell på Tveit stadion og idrettsstipend til ungdom.

## Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv.

I 2016 vart det behandla 15 søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark, 12 gjaldt snøscootertransport, 1 tråkkemaskin, 1 helikoptertransport og 1 barmarkskøyning.

## Ungdomsarbeid

I 2016 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, ungdommens kulturmønstring, idrettsstipend til ungdom, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div. mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp

## Kino

Det har vore 10 fine kinokveldar i auditoriet med Bygdekinoen i 2016. Besøket har vore litt varierende. Den lokale dugnadsgrupa skal ha ros for at dei stiller opp for eit kinotilbod i Vang.

## Kulturvern

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisnings- opplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også



ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene. I august var det offisiell opning av Kongevegen over Filefjell på mellom anna Gamle Kvam gard. Vang kommune i samarbeid med Valdresmusea, Dei Heiberske samlingar/musea i Sogn og Fjordane, Norsk vegmuseum og Lærdal kommune gjorde da Gamle Kvam om til eit historisk tablå i setting frå 1800 talet.

## Arrangement og økonomisk støtte

Oppvekst, kultur- og integreringsetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: Ungdomens kulturmonstring, klubbkveldar, utstillingar, konsertar og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg godt over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte.

## PLANAR og tiltak FRAMOVER

### Barnehagane

- Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø

### Skulane

- Ferdigstille VBU-utbygginga med fleirbrukshallen, terapibassenget og ombygginga av skuledelen
- Legge til rette for eit godt elev- og skulemiljø der målet er god trivsel og stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheiter hjå elevane
- Halde behovet for spesialundervisning på eit lågt nivå gjennom tidleg innsats og god tilpassa undervisning

### Kulturskulen

- Opprettehalde og vidareutvikle kulturskuletilbodet

### Introduksjonsenteret

- Legge til rette for best mogleg integrering av dei busette flyktningane gjennom eit godt samarbeid med lokalsamfunnet og aktuelle offentlege instansar
- Organisere undervisningstilbodet for asylsøkarar på Vang mottakssenter
- Legge til rette for oppstart og god drift av bufellesskapet for einslege mindreårige flyktningar

### Kultur

- Støtte opp om ungdomsrådet og følgje opp tilrettelegging av fritidstiltak for ungdom
- Følgje opp gjeldane kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Vidareføring av Kongevegprosjektet
- Gjennomføre nødvendig vedlikehaldsarbeid på Leinekvernene
- Stimulere til, og støtte vedlikehald og istandsetjing av gamle bygningar og bygningsmiljø
- Stimulere til, og støtte forskjønning- og trivselstiltak
- Ta initiativ til og støtte ulike kulturarrangement

### Biblioteket

- Vidareutvikle biblioteket til ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i kommunen

### Frivilligsentralen

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i heile kommunen






## Helse- og omsorgsetaten (frå 1. april 2016)

Helse- og omsorgssjef: Guro Råheim Kvam

Helseavdelinga og IHT har i 2016 gjennomført omorganisering av overordna leining. Organiseringa av avdelingane utan overordna leining var vedteken i 2010, og baserte seg på at kommunen hadde ein assisterande rådmann og stabile leiarar i etaten.

Sektorleiargruppa i helse- og sosial utarbeidde forslag til ny organisasjonsplan. Endringane går på at etaten er samla under etatsleiar. Stillinga som leiar IHT utgår. Avdelingane i IHT held fram om lag uendra, men leiarane har fått eit meir sjølvstendig ansvar. Helseavdelinga er delt under 3 leiarar: Leiar kurative tenester, leiar psykisk helse og leiande helsesystemer. Rådgjevar, folkehelsekoordinator og merkantil personale ligg i stab under etatssjef. Ansvar for NAV og barnevern er flytta frå rådmannskontoret til helse- og omsorgsetaten. Etter høyringsrunde vart ny organisasjonsplan vedteken i adm.utvalet 10. mars 2016.

Etaten famnar heile helse-, velferds- og omsorgsfeltet. Etatsleiar var på plass frå 1. april 2016. Dei siste endringane kom på plass hausten 2016, med verknad frå 1.1.2017.





## Helse- og omsorgssjefen med stab

Hovudoppgåva for etatssjefen har vore utarbeiding og implementering av ny struktur i etaten. Det har vore viktig å setje seg inn i, og få oversyn over nye ansvarsområde, samt delegere ansvar i IHT. Etatssjefen har

faste møte med leiarane i etaten kvar 14. dag, og deltek på m.a personalmøter ved behov. Har i 2016 vore med og utarbeida overordna ROS-analyse med handlingsplan for kommunen, Handlingsplan mot radikaliserings

Tilsette Årsverk

Etatssjef	1	1
Rådgjevar	1	1
Merkantil stab	3	1,55
Folkehelsekoordinator	1	0,2

og valdeleg ekstremisme. Deltok i Integrasjonsforum i Vang, og er med og utarbeider migrasjonshelseteam. Helse- og omsorgssjefen møter fast i Helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Etatssjefen er regionen sin representant i KS si ressursgruppe for Velferdsteknologi i Oppland og Geografisk Samarbeidsutval (GSU) i Sjukehuset Innlandet.

## Merkantil stab og rådgjevar

Merkantil stab har m.a. ansvar for lønnsarbeid, fráværregistrering, fakturering, vederlagsberekning, pasientrekneskap og arkiv.

Rådgjevar er systemansvarleg for fagsystema Ressursstyring og Profil. Har ansvar for opplæring og utvikling, samt oppdatering og oppfølging av programma. Systemansvarleg jobbar tett med IKT Valdres og systemansvarlege i dei andre Valdreskommunane. I 2016 er Visma Web teke i bruk – der ledige vakter blir publisert, og tilsette kan logge seg inn og «shoppe» vakter. Det er jobba for å ta i bruk elektronisk overføring av frávær til løn. Både desse tiltaka aukar kvalitetssikring og reduserer arbeidsmengde for lønsmedarbeidarane. I Vang brukar barnehagane og bufellesskapet Visma ressursstyring i tillegg til turnusområda i pleie- og omsorg.

Rådgjevar har hovudansvar for saksførebuing av søknader om pleie- og omsorgstenester til tildelingsteamet, og skriv vedtak. Rådgjevar har hatt ansvar for innføring av fullelektronisk arkiv for elektronisk pasientjournal, ferdigstilt i 2016.

## Folkehelse

Etter folkehelselova av 2012 er folkehelsearbeid tverrsektorielt. Den lovpålagte folkehelseoversikta vart ferdigstilt i 2015, saman med ein eigen folkehelseplan for Vang. Planen er ei skisse til enkelttiltak og arbeidsmåtar, men må følgjast opp i alt planarbeid i kommunen. Difor er folkehelsearbeid fokus både i PLB og i planstrategien i Vang.

Kommunen har mellom anna folkehelsekoordinator i 20 %. Etter ein del omorganiseringar i 2016 vart stillinga lagt til Helse- og omsorgsetaten og deira leiargruppe, og den tverrsektorielle styringsgruppa lagt på is. Det er elles tett samarbeid med Frisklivssentralen, med ymse lag og foreningar rundt enkeltprosjekt, med folkehelsegruppa i Valdres og OFK.

Folkehelsearbeidet skal medverke til gode møteplassar og gode sosiale nettverk, til at flest mogleg får høve til å drive fysisk aktivitet, enkelt friluftsliv og idrett på ulike nivå. Dette ved å ta initiativ, koordinere og stimulere til samarbeid og samhandling på ulike nivå.

Folkehelsepolitikk for vår tid er forankra i verdiar for likeverd og rettferdig fordeling med sterkt fokus på sosial utjamning og psykisk helse. Føremål med Folkehelselova er å fremje folkehelse og utjamne sosiale helseforskjellar.



## IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Vangsheimen, heimetenesta, miljøtenesta

### Målsetjingar 2016

- Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.
- Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestane i Vang og VLMS.
- Vidareføre og utvikle *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs.
- Prosjekt *Vikarbank* er vidareført i ordinær drift.
- *Etisk kompetanseheving i Vang*. Prosjektet har som føremål å auke bevisstgjeriing rundt handling og haldningar gjennom etisk refleksjon, auka kommunikasjonskompetanse og profesjonalisert problemhandtering.
- Vidare implementering og bruk av det elektronisk internkontrollsystem *Kvalitetslosen* for å sikre kvalitet på tenester gjennom kartlegging av område med fare for svikt, og utarbeiding av tiltak og rutinar i høve til dette.
- Fagsystema Profil og Notus: ta ibruk fleire område av systema. Kvalitetssikre dokumentasjon. Innføre fullelektronisk arkiv: Visma Samhandling arkiv.
- Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging avrisikovurdering og handlingsplanar.
- *Meldingsløftet* med bruk av elektronisk meldingsutveksling.
- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.
- Praktisk bistand og hjelp i heimen til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
- Styrking og omstrukturering av heimetenesta med auka kapasitet, kvalitet, arbeidsmiljø og ressursstyring.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Avlastning til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meiste kvardagen.
- Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år ( neste gong 2016).
- Ferdigstille rettleiar for Vang kommune si sikring av brukarmedverknad på individ-, teneste- og systemnivå.
- Tilretteleggje butilbod for eldre og funksjonshemma.
- Utbetring jf. vernerundar for å tilfredsstille gjeldande krav.
- Tilretteleggje butilbod for eldre, funksjonshemma
- *Forsterka butilbod* ved Nordigarden og Storpløgen omsorgsbustader.

### Hovudarbeidsområde

Tilsette Årsverk



# Vang kommune

- vilt og vakkert

## IHT

Tabellen til høgre viser fordelinga av tilsette.

### Vangsheimen:

16 langtids plassar, 10 korttids- plassar, ein tryggleiksplass, dagsenter, Grindablikk (dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens), kjøken/kantine og vaskeri.

Leiing Vangsheimen, heimetenesta og miljøtenesta	3	3
Vangsheimen (langtid + korttid+ vikarbank)	49	24,04
Heimesjukepleie og heimehjelp	23	12,94
Dagsenter og Grindablikk	6	1,67
Miljøtenester	45	22,69
Kjøken, reinhald, vaskeri, vaktmeister	12	7,62

**Heimeteneste:** Heimesjukepleie og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

**Butilbod:** 14 omsorgsbustader, 3 forsterka bustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

**Miljøarbeid:** Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov. Miljøtenesta har i tillegg 27 støttekontaktar og avlastarar.

IHT har i hovudsak ei stabil personalgruppe. Me har lukkast med å rekruttere nye til avdelinga til faste stillingar, men det er ei utfordring i høve til vikariat. Me har i perioder nytta bemanningsfirma for å sikre rett kompetanse.

## Kompetanse

Det har i fleire år vore jobba for å få ufaglærte til å ta fagbrev og andre tilsette til å ta høgskuleutdanning / vidareutdanning.

*Helsefagarbeidarar:* Ein tilsett har teke fagbrev som helsefagarbeidar i 2016. Me har 2 lærekandidater og 1 lærling i helsefag.

*Sjukepleie/vernepleie:* Ein tilsett er under utdanning til sjukepleiar.

*Vidareutdanning:* 2 tilsette tek utdanning delmaster helseledelse, 1 tilsett har fullført årsstudium i organisasjon og leiing.

*Kurs og anna opplæring:*

*ProAct/ALERT* – Opplæring i akutte, livstrugande hendingar – gjenkjenning og behandling. 4 timar. Gjennomført av tilsette på langtidsavdelinga

*Sjukefråvær – rettar & plikter i oppfølging og samarbeid.* Gjennomført i miljøtenesta med HaVa BHT

*Grunnopplæring HMS* – Ein tilsett har gjennomført grunnopplæring – HaVa BHT

*Turnusplanlegging med Svein Arne Thrana.* - Alle tilsette som har ansvar for turnus og lønn og tillitsvalde

*Legemiddelhandtering:* Alle fagarbeidarar som har delegert mynde til legemiddelhandtering har gjennomført et oppfriskningskurs fått delegert mynde til juni 2019

*KOLSkurs:* 5 tilsette deltok på kurs med Sykehuset Innlandet (Granheim) via videokonferanse



*Profil:* Nye tilsette: Grunnopplæring, Sjukpleiarar: gjennomgang og fokus på kartlegging og bruk av IPLOS.

*Kap 9: Forebygging for tvang og makt, medisin, diagnostikk og metode i arbeid.*

Gjennomført i miljøtenesta.

«Autisme og epilepsi» 20 tilsette frå miljøtenesta i Vang gjennomførte dette felles med dei andre Valdreskommunane..

*Målretta miljøarbeid – årleg kurs for nytilsette*

Det er faste møter mellom leiinga og alle tillitsvalde i IHT annankvar månad.

IHT har fokus på HMS arbeid. Vi har tre aktive verneombod og har faste møte med desse. Det blir jobba med risikovurderingar, sjukefråværsarbeid, arbeidsmiljøsaker mv. Det blir gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidersamtaler i alle avdelingar.


IHT har hatt eit samla sjukefråvær (eigenmeldt og legemeldt) 13,8% i 2016, det er ei auke frå 9,6% i 2015. Det er bufellesskapa som har det høgste fråværet. Det er langtidsfråværet som er høgast. IHT jobbar systematisk med oppfølging av sjukmelde og har sett i gang eit arbeid ilag med HaVa BHT med formål å redusere sjukefråværet.

IHT er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av 135 tilsette er 112 kvinner (83%) og 23 menn (17%). Andelen menn har auka med 1 % frå 2015. IHT har 20 tilsette over 60 år.

IHT har gjennomført brukarundersøkingar i 2016. Det er utarbeida «Rettleiar for brukarmedverknad i Vang kommune».

## Økonomi


Ansvar 320-339	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik kr	%
Driftsutgifter	68 654 436	69 723 000	-1 068 564	-1,5
Driftsinntekter	-17 093 059	-14 255 000	-2 838 059	19,9
Netto driftsutgifter	51 561 377	55 468 000	-3 906 623	-7,0
Investeringsutgift				




IHT jobbar systematisk for å redusere driftsutgiftene. Kravet om at kommunen skal løyse fleire oppgåver er utfordrande, både i høve til avgrensa økonomiske ressursar, og tilgang på kvalifisert personell. Omstillingane som er gjennomført dei siste åra, har gjeve innsparing på drift. Ressursar er omdisponert og ein har fått rom for nye, pålagde tenestar.



Mindreforbruket på driftsutgifter i 2016 kommer av eit mindreforbruk på løn på 975 tusen kroner. Meirinntektene er hovudsaklig ein underbudsjettering på sjuke- og svangerskapsrefusjonar som forklarar 2 millionar av meir inntekta. Vi fekk også 500 tusen kroner meir i brukarbetalingar enn budsjettert.



Som ein ser av grafikken så held utgiftsauka fram sjølv om 2015 var eit velkomen kvileskjer som trakk ned trendlinja betraktelig. Vi ligg fortsatt under 2014 nivået på utgifter og inntektene fortsetter å auke i takt med utgifta. Om ein ser svært kortsiktig kan ein sjå ein nedgåande trend frå 2014 til i dag.



Denne grafikken visar at utgiftene innan institusjonstenestar er nedgåande mens vi brukar stadig meir på heimebuande. Om ein isolerer 2015 til 2016 så kan ein sjå at institusjonstenester auka med nesten 10% medan heimetenestene auka med mindre enn 3%. Noko av dette kan forklarast med korleis kostnadene blir fordelt i dag. Det er diverre ein del av kostnadene som tilhørar heimetenestene som endar opp under institusjon, vi forsøker å finne ein løysning på dette problemet slik at tala blir meir korrekte.

## Vangsheimen

Vangsheimen har 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Det er 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlastning og lindrande behandling. Vi har ein tryggleiksplass.

I 2016 var gjennomsnittleg beleggprosent 78,7% (68,4% i 2015): 90,8% (88,3% 2015) på langtidsavdelingane og 65,8% (42% 2015) på korttidsavdelinga. Tryggleiksplassen har hatt 2,2% (12,3% 2015) belegg.

Det har vore 63 korttidsopphald i 2016 mot 49 i 2015. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 26 i 2016, ein nedgang frå 29,4 døgn i 2015. Det har vore 53 avlastingsopphald med ei gjennomsnittslengde på 5,5 døgn, ein liten oppgang frå 5,1 døgn i



gjennomsnitt i 2015. Det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald.

Langtidsopphald avslutta i 2016 hadde eit gjennomsnittslengde på 2,5 år (2015: 5,1 år, 2014: 2,9 år). Denne variasjonen kjem av at fleire pasientar som døydde i 2015 hadde vore på Vangsheimen i svært mange år.

Presset på sjukeheims plassar har stabilisert seg. Det er god kapasitet på korttids plassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegget, og det varierer raskt. Det blir jobba for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestnivå. Korttidsavdelinga har m.a. tverrfagleg møte kvar 14. dag, der ein vurderer behov og tiltak til pasientar. Øystre Slidre kommune har kjøpt korttids plassar av Vang i 2016.

Korttidsavdelinga har 8 korttidsplasser og to avlastningsplassar, som går under heimetenesta. Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, ettersom det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møter for å arbeide systematisk. Felles sjukepleiemøter for Vangsheimen kvar 14 dag, for å ha felles faglege fokus, og diskutere div. praktiske problemstillingar. Tverrfagleg previsitt kvar veke (legevisitt) Gjennomgang av pasientar, samordning av behandling og trening. Fysioterapeuten lager timekort som pasientane har på rommet, slik at dei har oversikt over når dei har time. Ergoterapeuten sørger for tilrettelegging heime, og å skaffe hjelpemiddel. Det er laga eit pårønderom, som familien/nærmaste kan nytt når dei har en av sine i terminalfase.

Langtidsavdelingane har hatt fokus på livskvalitet og brukarmedverknad i 2016. Kvar pasient og /eller pårørande har hatt samtale med sjukeheimslege og fagsjukepleier. Det er laga behandlingsplan der det blir tatt hensyn til pasienten sine ynskje, også framover i tid.

Det blir arrangert temafest for pasientar og næraste pårørande kvart halvår. Her blir det teke opp saker som er felles for baa avdelingane, og orientert om aktivitet og utvikling sidan sist. Langtidsavdelingane har også hatt fokus på miljøbehandling. Dei involverer pasient og/eller pårørande i kartlegging for å kome fram til passende aktivitetstilbod.

I 2016 har ei arbeidsgruppe sammen med frivillige jobbet intensivt med å få til ein fungerande sansehage. Dei økonomiske ressursane kom frå gåvefondet og Vangsheimen har bidratt med personal ressursar. Utvikling av sansehagen er eit 3 årig prosjekt. Sansehagen og utviklinga av denne, skal vera ein plass der pasientar og deira pårørande kan oppleve gode minner, vera i aktivitet og trene i kvardagen. Frivillige har laga ein skigard, vi fekk stauder frå frivillige, og vi kjøpte m.a ei mjølkerampe.

På Nordigarden er det skapt eit minnerom. Vi har kjøpt og fått gjenstander fra 50,60 og 70 talet.

Det er to legar knytt til sjukeheimen. Det er eit godt samarbeid med legetenesta.

## **Dagsenteret.**

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbrukarane.

I 2016 har det vore 24 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar, dette er ei auke på 1 frå 2015.

Det er ulike faste aktivitetar:

- Allsong med Siri-Gro, Heidi og Alistair gjennom kulturskulen kvar måndag eller torsdag i skuleåret.
- Balansetrening og fallførebygging med fysio 45 min. tysdag og torsdag



- Andakt: Det har vore andakt 10 gonger, med ei stølsmesse og ei nattverdgudsteneste.
  - Festmiddagar på Fjordstøga: t.d påskemiddag og viltmiddag. Festmiddagane er for både pasientar på Vangsheimen og dagsenteret.
  - Rullatortreff: Det vart arrangert rullatortreff med aktivitetsløype og påfølgjande middag.
  - Konsertar: Det har vore fleire konsertar frå Den kulturelle spaserstokken: «Genseren til Johansen» og adventskonsert med Guren Hagen.  
I januar fekk Vangsheimen ein Prøysen-konsert i gåve frå privat gjevar med Lukas Haugen.
  - Kor og korps i kommunen, seniordansen og skule- barnehage har også bidrege med underhaldning i 2016.
  - Det er arrangert klessal 4 gonger.
  - Dagsenteret har besøkt utstillingar på biblioteket og utstilling i Det kvite fjøset.
  - Dagsenteret deltok i prosjektet «Kassert» - med alternativ bruk av kasserte bøker. Dette skapte også ein interessant debatt.
  - Det har vore sumartur til Beitostølen og på besøk på Lærdal.
- Dagsenteret har samarbeid med frivillige som hjelper til når det er behov for fleire hender.

## **Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens**

Vang kommune fekk tilskott frå Helsedirektoratet for å opprette nye plassar for dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens i 2014. Tilbodet går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette. Dagaktivitetstilbodet har tilhald på Nordigarden ved Vangsheimen. Det er 6 plassar og var ope 2 dagar i veka, onsdag og fredag. Tilbodet kom i gang i 2015, og det har vore varierende antal deltakarar. Aktivitetane er tilrettelagt for at dei som er med skal oppretthalde /gjenvinne ferdigheiter i m.a. daglege gjeremål. I tillegg er ei på tur i nærområda, tur rundt Vangsmjøsa, til stølslag, det har vore fjøsbesøk og bedriftsbesøk til Tynlam.

Frå august har me ikkje hatt brukarar ved Grindablikk. Tilbodet er difor stengt mellombels. Personalet jobbar i avdelingane. Det blir jobba for å evaluere tilbodet og innrette det betre mot brukargruppa.

Lesestund med Sigfrid Hovda er videreført, dette set pasientene på Vangsheimen stor pris på.

## **Omsorgsbustader**

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss og 1 i Prestgardsstigen. Grindatun har 4 bueiningar og Bakkehaugen 3. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekantor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene får heimetenester på linje med andre heimebuande. Heimehjelpene har to timar på Storplogen frå måndag til fredag, som dei brukar til å hente og servere middag til bebuarane, og slik få eit triveleg måltid saman, de får også muligheit til gå trening. Frivilligsentralen: Frivillige serverer middag på Storplogen på syndagar, dei har sosialt samvær og høgtlesing.

Det har vore fleire ledige omsorgsbustader i 2016. Ein bustad ved Storplogen er møblert til bruk som treningsleilegheit. Pasientar som har bruk for å prøve ut om dei kan greie seg i omsorgsbustad eller i eigen heim, kan «prøvebu» i denne leilegheita som del av eit korttidsopphald. Det er i mange tilfelle utfordrande å motivere pasientar til å prøve seg i treningsleilegheita, då mange har eit ynskje om å bli på sjukeheimen.





Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål, og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlastning. Ved årsskiftet var det tre ledige bustader.

## Forsterka bustad

Forsterka bustad er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timar pr. døgn. Det er prøvd ut med 3 forsterka bustader på Nordigarden ved Vangsheimen. Behovet for tilbodet er tilstade, men personalet opplever at plasseringa og nærleiken til korttidsavdelinga skapar eit for lite skilje mellom omsorgsbustad og institusjonsplass. tilbodet ved Nordigarden skal fasast ut, og i staden gje tilsvarande tilbod ved å bemanne delvis i omsorgsbustadane på Storplogten. 1 bebuar ved nyttår.

## Heimetenesta

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det er fem heimehjelpar tilsett i 50 % stillingar, i tillegg har vi to faste vikarar. Ein av heimehjelpene har koordinerande ansvar for tenesta.

Ved utgangen av året var det 111 (123) brukarar i heimetenesta (2015-tal i parentes). 46 (52) fekk heimesjukepleie, 65 (71) praktisk bistand. Det er ein liten nedgang i i talet på brukarar. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg. Det er ei auke av hyttefolk som har behov for heimesjukepleie.

Heimesjukepleia har teke i bruk MobilOmsorg, bærbar fagløyning, der ein har tilgang til naudsynte pasientopplysningar og samhandling og dialog med fastlege og sjukehus.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrening/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphald. For heimebuande pasientar er dette viktig både for kothald, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlastning for pårørande bidreg til at pasientar kan bu lengre heime.

Ved årsskiftet var det 21 personar som fekk tilkøyrte varm middag. 34 brukarar har tryggleiksalarm. Dette er på same nivå som i 2015.

Vang kommune administrerer Transporttenesteordninga for rørslehemma (TT) for Oppland Fylkeskommune. Kommunen har 20 TT-heimlar. I 2016 har me fått 8 søknadar. 4 er innvilga, 4 har fått avslag. 7 godkjenningar er avslutta grunna endra behov eller dødsfall.

4 brukarar fekk tilleggstilddeling etter 1. halvår. Brukarar som ikkje nyttar ordninga får skriftleg informasjon om at godkjenninga kan bli avslutta om dei ikkje nyttar ordninga.

Etter tilleggstilddeling hadde Vang kr. 98 000,- til fordeling, det vart brukt kr 78 500,- i 2016, dette er ei positiv auke i bruk frå 2015.

## Miljøtenesta

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar



- Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei næraste
- Avlastning – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver

2016:

BPA: 6

Leksehjelp: 1

Miljøarbeid: 5

Praktisk bistand – opplæring: 5

Omsorgsløn: 8

Støttekontakt: 23

Avlastning: 6

Fleire tenestemottakarar har meir enn ein teneste.

Nettverksgruppa «Fagleg nettverk for målretta miljøarbeid i Valdres», er eit tverrkommunalt prosjekt for kompetanseheving i Valdres innan Målretta miljøarbeid. Denne gruppa er att etter tidlegare «Ambulerande Veilleingsteam», har 1 til 2 medlemmar frå kvar kommune i regionen, og dei har eit stort fokus på kvalitet i arbeidet. Den «Fagleg nettverksgruppa» sørgjer for eit tett og godt samarbeid med Sjukehus Innlandet, Habiliteringstenesten, Fylkesmannen i Oppland og alle kommunane i regionen Valdres. Dei køyrer oppfølgingskurs fast ei gong i året, og støre kurs innan spesialfelt annakvart år. Dette gjer eit kompetanseløft for minst 200 tilsette i miljøtenesten kvart år, med allereie eksisterande ressursar. Det er liten tvil om at dette er ei god investering.

### **Bukollektiva**

Det er to brukarar knytt til Bakkehaugen og 8 brukarar knytt til Grindatun sitt ansvarsområde.

Grindatun og Bakkehaugen har etter ressursgjennomgang hausten 2015, kvar sin avdelingsleiar. Desse jobbar 100% i turnus, men har administrativ tid.

5 tilsette har delt turnus mellom bukollektiva, og det er lagt opp til eit tett samarbeid mellom avdelingsleiarar og miljøterapeutar. Me har mangla 100% miljøterapeut i tillegg til nokre helger ved bukollektiva og dette har vore utfordrande. Ein har no fått inn fleire nye arbeidstakarar i miljøtenesten, noko som visar betra rekruttering. Me har hatt utlysning av miljøterapeutstillingen fleire gonger, og me har vore i kontakt med vikarbyrå for ynskje om ein vernepleiar. Dette er ei vanskeleg yrkesgruppe å få tilgang på.

I tillegg til eksisterande avlastningstilbod ved Grindatun, har me fått eitt nytt oppdrag med avlastning. Utfordringa er mobilitet, og grunna utfordrande tilkomst til andre etasje har me til tider nytta treningsleiligheit ved Storplogen.

**Lund arbeidsbase** gjev arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, psykiatri-tenesta, barnevernet, rusomsorga og flyktingtenesta. Tidvis er det også arbeidstakarar via NAV som skal ha språk- eller arbeidstrening.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette. Eks er bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m.

Basen har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). I 2016 har det vore nytta tre VTA plassar store deler av året. Refusjonen frå Valdres Arbeidssenter dekker difor 60% stilling.

Det har vore vikar i leiarstillinga på Lund i 80% frå juni 2016.



## Planar og tiltak framover

Den største kjende utfordringa for IHT framover er å utvikle bærekraftige tenester: Den demografiske utviklinga, innbyggjarane sine behov for helse- og omsorgstenester, kommunen sin økonomi og tilgangen på tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft er ikkje foreineleg i åra framover.

IHT har difor planlagt eit prosjekt over 3 år.

«Redesign av tenester for å møte framtidens utfordringar». Prosjektet består av følgjande delprosjekt:

1. Kultur og haldningar – informasjon og kunnskap for endring
2. Døgnbemanna omsorgsbustad kombinert med dagaktivitetar til pasientar med kognitiv svikt
3. Førebyggjande heimebesøk
4. Kvardagsrehabilitering
5. Velferdsteknologi
6. Ernæring og døgnrytme
7. Mobilt aktivitetssenter
8. Tilpassa bustader

Det blir søkt Fylkesmannen om innovasjonsmidlar til delprosjekt 1-6. Det er søkt om midlar til delprosjekt 7 hjå Helsedirektoratet. Delprosjekt 8 blir ein del av kommunen sitt bustadprosjekt og sentrumsplan for Vang.

Oppfølging av politiske vedtak og planar

- Ny organisasjonsplan for helse- og omsorgsetaten
- Kvalitetssikring av kartlegging, tenestetildeling og dokumentasjon
- Ernæring, mat og måltid
- Arbeid med rutinar og kultur
- Kvalitetssikre og systematisere opplæring
- Vidareutvikle dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens
- Planlegge vedlikehald av bygg i samarbeid med teknisk etat.



## Helseavdelinga

### Hovudarbeidsområde

- Allmenn individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgstenestelova: Legeteneste, fysioterapi, ergoterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skulehelseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral
- Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid

Talet på fast tilsette var 17 personar i 2016. Dette utgjorde 11,75 årsverk. I tillegg var helsetenesta for asylsøkjjarar utvida med 0,4 årsverk for sjukepleiar våren 2016, og seinhaustes vart bemanninga av hjelpepersonell på legekantoret utvida med 0,4 årsverk.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar for lege og hjelpepersonell ved legekantoret.

Administrativt arbeid har i fleire år teke svært mykje tid for kommuneoverlegen. Ettersom dette har gått mykje ut over tida som er til rådvelde både for pasientretta og samfunnsmedisinske oppgåver, er det i 2016 gjennomført ein omorganisering av overordna leining i helse- og omsorgsetaten. Dette har medført ein tredeling av avdelinga, i kurativ teneste, forebyggjande teneste og psykisk helseteneste, under helse- og omsorgssjef.



Kvalitetslosen blir nytta som system for internkontroll. Tida har ikkje strekt til for tilstrekkeleg vedlikehald av dokument i dette systemet. Det er ikkje rapportert om nye, alvorlege avvik, men eit avvik frå 2014 ang. bygningsmessige tilhøve er framleis ikkje retta med tilfredsstillande resultat. Det har ikkje vore tid til vernerunde.

Avdelinga har som før tilnærma ikkje sjukefråver.

I alle lokale for helseteneste i Vangstunet er det problem med temperaturreguleringa.

### Økonomi

Ansvar 300-319	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
			Kr	%
Driftsutgifter	13 987 312	13 146 000	841 312	6,4
Driftsinntekter	-3 096 143	-3 023 000	-73 143	2,4
Netto driftsutgifter	10 891 169	10 123 000	768 169	7,0
Investeringsutgift				



Budsjett avviket kan her sjås i samanheng med lønsutgiftene som enda rundt 500 tusen kroner over budsjett noko som tilseier 6%. Elles er det jamt over overforbruk på kjøp av varer og tenester på mellom 8 – 10%. Rekneskapan for kurative tenester er i sum likt med budsjett. Legekontoret har hatt mindreforbruk hovudsakleg pga. høge pasientinntekter og svangerskapspengar utan motsvarande innleige av vikar. Det har vore overforbruk på helsetenesta for asylsøklarar. Dette skuldast mellombels stillingsauke og auka bruk av tolketenester pga. høge ankomsttal av nye asylsøklarar.

Helseavdelinga har i 2016 fått installert volds- og overfallsalarm i alle tenesteområde.

### Legekontoret

Bemanninga av hjelpepersonell ved legekontoret vart seinhaustes utvida med 40% ved bruk av unytta lønsmidlar. Etter ei innkøyringsperiode har dette ført til meir målretta medisinsk arbeid og betre pasientflyt. Ein svangerskapspermisjon har vore berre delvis dekt med vikar. Det har gitt meirbelastning for gjenverande legar. Det er leigd inn vikar for lege og delvis for medarbeidar for å få avvikla ferie og kursfråvær utan altfor stor ekstrabelastning for attverande personell.

Med full legebemanning er det høgt nivå på individretta forebyggjande tenester og god kapasitet på kurative tenester, og terskelen for å få rask hjelp ved behov er særst låg. Det er stor etterspurnad og svært høg arbeidsintensitet, men utvida stilling for hjelpepersonell har avhjelpt dette noko. Individretta forebyggjande arbeid er prioritert, og tilsyn med sjukeheimen har vore utført uendra frå tidlegare år. Elektroniske løysingar for betaling, tinging av time og



resept og liknande er innført og sparar noko tid for hjelpepersonell med mindre bruk av overtid, men har ikkje endra behovet for auka personell.

## Helseteneste for asylsøkjjarar

Sjukepleiaren ved asylmottaket opplever tidvis svært stort press. Etter utvida kapasitet på mottaket etter svært stort tal på nye asylsøkjjarar hausten 2015, vart sjukepleiarressursen utvida frå 80 til 120% i fyrste halvår av 2016. Også for legetenesta er asylmottaket ei utfordring, spesielt ettersom språk- og kulturforskjellar gjer mange konsultasjonar svært tidkrevjande og det er særskilt krevjande å gi god medisinske tenester ved stor kulturforskjell.

## Fysioterapi

Det har vore full bemanning av fysioterapeutar i perioden, med 2,0 årsverk. Ein av fysioterapeutane har spesialutdanning i psykomotorisk fysioterapi, som er svært nyttig.

Fysioterapitenesta vart i 2016 kopla opp mot Norsk Helsenett. Etter ein innkøyringsperiode med stort behov for bistand frå programvareleverandør og IKT Valdres, fungerer løysinga tilfredsstillande for dei privatpraktiserande terapeutane.

To av fysioterapeutane deltek i interkommunalt samarbeid om barnefysioterapi.

Fysioterapeutane satsar på gruppetrening, m.a. psykomotorisk trening og medisinsk yoga. I samarbeid med Frisklivssentralen er det utarbeidd eit treningsopplegg for fallforebygging blant eldre. Elektromedisinsk utstyr blir kontrollert og godkjent årleg.

Fysioterapitenesta utfører tenester for og i samarbeid med IHT, med trening/rehabilitering i institusjon og m.a. heimebesøk saman med innlagte pasientar for planlegging av heimreise, noko som har vore svært nyttig. Fysioterapeut deltek i tverrfaglege møte i IHT.

Fysioterapeut har saman med ergoterapeut ansvar for kommunalt korttidslager for hjelpemiddel og elektronisk Individuell Plan etter forskrift.

## Ergoterapi

I 2016 har det vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling).

Ergoterapeuten jobbar med bustadtilpassingar og tilpassing av hjelpemiddel for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne slik at dei skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer. Ergoterapeuten jobbar med trening / rehabilitering heime og i institusjon, og har i samarbeid med Uppigarden nytta heimebesøk saman med innlagte pasientar for planlegging av heimreise, noko som har vore svært nyttig.

Ergoterapeuten deltek i tverrfaglege møte for korttid og heimetenesta, er og med i tildelingsteamet i IHT, med ansvar for kartlegging / saksførebuing i forkant av møter.

Ergoterapeut deltek i ansvarsgrupper både for barn og vaksne. Nyttar videokonferanse/møter ved behov og har koordinatoransvar.

Det har vore Skrivedans i 1. klasse og for femåringane i ein barnehage fram til påske 2016. Ved oppstart av barnehageåret 2016/2017 har det vore Skrivedans for femåringane i Høre og Øye barnehage.

Ergoterapeut har jobba med oppstart av Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, noko som har kravd ressursar i periodar.

Ergoterapeut deltok på ReHabiliteringskonferanse 2016 i regi av Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Hedmark og Sjukehus Innlandet. Der var temaet «Samhandling- på tvers eller på tverke?» Ergoterapeut deltok og på kurs i sakshandsaming i saman med andre medlem av tildelingsteamet. Vidare har det vore andre småkurs gjennom året.

Ergoterapeut har hatt ansvar for oppfriskingskurs i IPLOS for tilsette i helse- og omsorg,



Vang kommune

- vilt og vakkert

samt ei koordinatorsamling / workshop for Individuell plan og koordinatarar. Ergoterapeut har og vore med å arrangert Rullatortreff i samarbeid med Dagsenteret og fysioterapeut.

Ergoterapeut yter tenester til bebuarar på mottaket som treng tilrettelegging og hjelpemiddel. Dette kan vere krevjande saker, både pga språkproblem og kulturforståing, men og i høve til kva rettar den einskilde har til m.a. naudsynte hjelpemiddel. Det er eit godt samarbeid med sjukepleiar ved mottaket.

Våren 2016 var ergoterapeuten rettleiar for to 1.årsstudentar frå Ergoterapeututdanninga ved NTNU Gjøvik.

Vestre Slidre kommune har kjøpt ergoterapeuttenester frå Vang ved behov.

Ergoterapeut har systemansvar for ACOS IP (elektronisk individuell plan) og ansvar for ajourhald av kommunalt korttidslager for hjelpemiddel i samarbeid med fysioterapeut.

Ergoterapeut har regelmessige fagmøter med ergoterapeutar i dei andre Valdreskommunane for å drøfte saker av felles interesse og halde seg fagleg oppdatert.

Det er generelt relativt kort ventetid for bistand frå ergoterapeut. Tenesta er godt budd på oppgåver som kjem, og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver i samarbeid med andre tenester på relativt kort tid.

### Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste er eit gratis, lågterskel helsetilbod for samtlege innbyggjarar, inkludert asylsøklarar. Tenesta har eit dagtilbod kvar tysdag for dei som har behov for sosialt samvær i trygge omgivnader. Psykisk helseteneste er bemanna med 2,3 sjukepleiarårsverk og dagsenteret blir drive av ein miljøterapeut i 20% stilling.

Det har vore svært lite sjukefråvær blant dei tilsette, dettehar sikra god kontinuitet. Men situasjonen er sårbar ved ferie og anna fråvær, då det er ikkje er vikarmoglegheiter. Samansette årsaksforhald, og stor variasjon i graden av rus- og psykiske utfordringar hjå brukarar, stiller store kompetansekrav til dei tilsette. I 2016 har hovudfokus i kompetansehevinga vore psykisk helse hjå minoritetsgrupper, motiverande samtale, recovery og bruk av tvang i psykiatrien.

Året 2016 har vore prega av høg aktivitet og det er jamn etterspurnad spesielt etter individuelle samtalar. Brukargruppa har veldig varierende behov, alt frå kortvarig kontakt til oppfølging over fleire år. Stadig oftare trengs det også samhandling mellom fleire aktørar for å oppnå gode behandlingsresultat. Tenesta har i år brukt videokonferansemoglegheitene via Norsk helsenett mykje i samhandlinga. Brukargruppa i dagsenteret har i dei siste åra blitt relativt lita, og sjølv om tenesta er viktig for dei som møter opp, trengs det noko endring og nytenking i tida framover for å sikre eit godt tilbod som samstundes brukar bemanningsressursar nyttig.

### Helsestasjon og skulehelsetjeneste

Helsestasjonstenesta har 1,5 årsverk for helsesyster pluss lege i ca 0,1årsverk. Hovudfokus for tenesta er helseopplysing til foreldre, og støtte til meistring og positiv utvikling hjå born og unge.

Det er utstrekt tverrfaglig samarbeid.



Hausten 2016 vart SAMBU (samarbeidsutvalet for born og unge) omorganisert. Psykisk helse, PP-tenesta, barneverntenesta, barnehagane, VBU og helsestasjon har skrive ei ny samarbeidsavtale. Dette for å sikre ansvarsdeling og faste tverrfaglege møte mellom tenester som har eit særskilt ansvar for born og unge i Vang kommune. SAMBU er no Tverrfagleg team som har møter 2 gonger pr. år i barnehagane og på skulen.

Det er ei merkbar auke av born som har langvarige og samansette behov som har ansvarsgrupper der helsesyster har ei koordinatorrolle.

Helsesystemtenesta og psykisk helseteneste er sentrale i det rusførebyggande arbeidet i Vang kommune. Tenestane utgjør ilag med representant frå skule, politi og ungdomsrådet, Rusgruppa. Rusgruppa har i mange år gjennomført det førebyggande programmet ØPP (Ørebro Prevention Program). I 2016 har dei fått opplæring i programmet UTSETT! – eit foreldreretta program for rusførebygging utvikla av KoRus Øst. Gruppa arrangerte i 2016 «Generasjon Prestasjon» eit foredrag for elevar, foreldre og tilsette i skulen om prestasjonspress dagens ungdom blir utsette for.

Rusgruppa deltek på ulike ungdomsarrangement t.d som natteravnar. Gruppa sitt arbeid famnar breiare enn berre rusførebygging, og har endra namn til «Førebyggande team». Gruppa utarbeidde i 2016 «Rusførebyggjande handlingsplan for Vang kommune 2016-2019».

Jordmortenesta for Vang er interkommunal og held til på Valdres lokalmedisinske senter. (sjå eige årsmelding).

Kompetanseheving:

Vi har vært på kurs i MI – motiverande intervju, som er ein god reiskap til bruk i motiverande samtale og kommunikasjon.

Vi har gjennomført kurs i «Hjelp som nytter», eit tverrfagleg kurs om vold i nære relasjonar og familiar med annen kulturell bakgrunn. Dette avdekka eit behov for å kvalitetssikre informasjon og god organisering /oversikt og gode systemer for oss som jobbar med asylsøkjare, arbeidsinnvandring og bosette. Dette arbeidet blir gjort i eit tverrfagleg «Migrasjonshelseteam».

Det er utarbeidd «Regional handlingsplan mot vold i nære relasjoner for Valdreskommunene 2016-2019».

Det har vore auka tilstrømming av asylsøklarar, som gjev auka arbeidspress. Asylsøklarane har rett til same helsetenestene som resten av befolkninga. Konsultasjonar og informasjon må i stor grad gjennomførast via tolk. Dette er krevjande både for tenestemottakar og ytar. Samarbeidet med Vang mottakssenter er godt.

Grunna auka migrasjon er det laga ein plan for, og gjennomført vaksinerings av tilsette på Vang mottakssenter, Introduksjonssenteret, Gullringen, Vangsheimen/heimesjukepleia, personalet på VBU og i barnehagen.

I 2016 byrja vi med vaksinerings av kvinner født etter -91 mot livmorhalskreft (HPV). I Vang vart tilbodet annonsert og helsestasjon har gjennomført vaksinerings. Det var ei oppslutting på ca. 40%.

I 2016 vedtok Vang kommune ei omorganisering i pleie- og omsorgstenesta. I den samanheng vart frisklivsrettleiar organisert inn under helsestasjon.





## *Frisklivssentralen*

### *Antal brukarar:*

I 2016 var det henvist 31 nye brukarar, derav 21 frå lege, 5 som tok kontakt sjølv, 1 henvist frå fysioterapeut, 1 frå psykiatritjenesta og 3 frå asylmottak. . I tillegg var det 7 brukarar som vidreførte/forlenga sine reseptperiodar. Totalt har det vært 3 brukarar med resept.

### *Regionale tilbod ved Frisklivssentralane i Valdres:*

Forutan individuell oppfølging til personar med frisklivsresept, har Frisklivssentralen også ulike gruppetilbud. Vi samarbeidar med alle frisklivssentralane i Valdres, slik at brukarar eller andre interesserte kan nytte tilbod i andre kommunar.

### *Lokale tilbod ved Frisklivssentralen i Vang:*

I Vang har Frisklivssentralen hatt ein gruppetreningstime kvar tysdag formiddag heile året. Det har vore stabil oppslutting med rundt 5 deltakarar kvarr gong. Det er ein times trening med lett oppvarming og hovudsakleg funksjonell styrketrening.

Tilbodet om "Balansetrening for seniorar" er vidareført i 2016, og er tilbod kvar torsdag formiddag. Det er 1 times balansetrening, og målgruppa er eldre som går utan hjelpemiddel. Tilbodet har blitt godt motteke, med 6-8 deltakarar pr. gong. Vi tilbyr og ein time med «Styrke- og balansetrening» i Ryfoss kvar torsdag kveld. Instruktør for den gruppa er Gudrun Gustavsén, som er lønna som treningskontakt til dette formålet. Det deltek 5-10 stk på denne gruppa, men det er sjeldan alle er der samtidig.

Frisklivssentralen arrangerte kurs i «Bra mat for bedre helse» våren 2016. Det var 6 deltakarar på kurset, som gjekk på dagtid. Ut frå erfaringar og tilbakemeldingar på dette kurset, og tidlegare «Bra mat kurs», starta vi opp med «Middagshygge» i november 2016. Målgruppa er personar som bur åleine/ er einslege, og som ynskjer å tilberede og eta mat i selskap med andre. Gjennom tidlegare Bra mat kurs er det ofte gjeve uttrykk for at det er trist og kjedeleg å lage mat til seg sjølv, og dermed blir kosthaldet også lite variert for enkelte. Vi vil vidareføre dette tilbodet i 2017, med samling ien gong pr måned.

I oktober 2016 arrangerte vi opplæringskurs i diabetes for personar med diabetes type 2. Dette var eit samarbeid med Vestre Slidre og Øystre Slidre frisklivssentralar, samt Diabetesforbundet i Valdres. Vi hadde søkt prosjektmidlar til dette formålet, og fekk innvilga kr 29000,- Me brukte ikkje opp heile tilskottet, og har søkt om å få det overført til 2017 for å arrangere eit tilsvarande kurs.

Gruppetilboda ved Frisklivssentralen er et tilbod for alle, og stiller ikkje krav om å ha frisklivsresept.

Frisklivssentralen i Vang har tidlegare hatt samarbeidsavtale med både Tyin Aktiv og Ryfoss treningscenter. Tyin Aktiv vart lagt ned i 2016, og etter ei stund starta eit nytt treningscenter, Gnist, opp. Vi har inngått ei tilsvarande samarbeidsavtale med dette senteret. Det innebær at brukarar med Frisklivsresept kan nytte treningsrom/tilbud ved dei to sentra i reseptperioden. Det betyr altså at dette tilbodet krev at ein brukar har frisklivsresept, og følgjast opp deretter.

### *Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem:*

Arbeidet med overgang til e-journal starta opp hausten 2015. Det vart avgjort at programmet "Profil" skal nyttast for den elektroniske dokumentasjonen. Bruken av e-journalsystemet Profil er no innarbeidd. Vi ser enkelte svakheiter med bruk av systemet, blant anna når det gjeld



*Vang kommune*  
*- vilt og vakkert*

tilgangar for å sikre personell tilgang, og samstundes ivareta personvernet. Dette ynskjer vi å løyse, og er i dialog med systemansvarlig i kommunen..

### *Utfordringar framover*

I 2017 og framover blir hovudutfordringane å oppretthalde eit kvalitativt godt og forsvarleg tenestenivå trass i auka utfordringar og redusert ressurstilgang.



## Landbruk/teknisk

Etatsleiar: Landbruk/teknisk sjef Terje Hålien

### Målsetjingar

- Tilretteleggje for næringsutvikling.
- Utvikle gode bumiljø og tenestetilbod.
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.
- Utføre lovpålagte oppgåver innafor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang.


### Hovudarbeidsområde

Administrasjon, behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, fradelingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning. Tilrettelegging for nye bustadfelt, næringsbygg/areal, vedlikehald kommunale bygg og anlegg, drift av brann- og feiarvesen, kommunale vegar og gatelyst, vatn/avløpsanlegg og renovasjon.

Talet på tilsette var 18 i 2016. Dette utgjorde 16,3 årsverk. I tillegg kjem stillinga som GIS-konsulent felles for Valdres og 18 brannmannskap i deltidsstillingar.

### Økonomi

Ansvar 400-490		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				Kr	%
Driftsdel	Utgifter	27 917 600	24 699 000	3 248 600	13,2
	Inntekter	-20 468 017	-17 228 000	-3 240 017	-18,8
	Netto driftsutgifter	7 449 583	7 441 000	8 583	0,1
Investeringsdel	Utgifter	25 444 828			
	Inntekter	-52 650			
	Netto inv.utgifter	25 392 178			



Overforbruket til Landbruk/teknisk gjeld i all hovudsak avsetningar til bundne driftsfond som



ikkje vart budsjettert. Overskotet på sjølvkostområdet enda på 2,4 millionar som vi er pålagde å setta av på fond. Det var også ein feilbudsjettering på sjølvkostområdet tømning av slam/septiktankar. Dette området er syklisk der aktiviteten annan kvart år er nesten dobbelt so høg som basisåret. Denne aukinga ble gløymd i 2016 då 2015 var eit basis år. Totalt utgjorde dette 832 tusen kroner. Desse to faktorane forklarar også inntektssida som er lik.

## Bygningsavdeling

Det vart innvilga byggeløyve for 26 nye hytter i 2016 (26 i 2015, 10 i 2014, 16 i 2013).

Det er gjeve byggjeløyve for tre (tre i 2015) nye einebustader og ein to-mannsbustad (to i 2015).

Det er gjeve byggeløyve for to nye driftsbygningar (ammekyr og sau) og eitt reiskapshus.

Totalt er det behandla 215 (137) byggjesaker inkl. utseleppssaker etter delegert behandling, og 17 (9) byggesaker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Dei fleste byggesakene omfattar tilbygg og ombygging og mindre bygningar, som garasjar og anneks. Ein del saker omfattar oppfølging av ulovleg bygging, der nokre er pålagt riving av ulovleg oppførte tiltak, og fleire er ilagt overtredelsesgebyr.

Det er innvilga 34 ferdigattestar og 7 midlertidige bruksløyver.

Det kom inn 715 000 kr (586 000) i gebyr for behandling av byggjesaker. Dekningsgraden for behandling av byggjesaker (gebyrinntektene i høve til utgiftene inkl. del av felles kontorutgifter) er rekna til ca. 68 % (82 % i 2015).

## Arealplanlegging

### Planstragi

Planstrategien for 2016-2019 vart vedteken 24.6.2016. Denne gjer ei oppsummering av heile planlista til kommunen og prioriterer kva planar som skal reviderast og utarbeidast og når i kommunestyreperioden. Næringsutvikling, bustadssituasjonen i kommunen, sentrumsutvikling og vassmiljø, energi og klima er prioriterte fokuspunkt.

### Kommuneplan

Kommuneplanen frå 2014 (med ei mindre endring i 2015) styrar arealbruken og utnyttinga av uregulerte bustadar og fritidsbustadar i kommunen. Jamfør planstrategien skal ikkje kommuneplanen reviderast i inneverande kommunestyreperiode.

### Kommunedelplanar

Kommunen arbeider med ny kommunedelplan for Tyinkrysset. Om anna er destinasjonsplanen oppgradert av Ecosign for å ta høgde for utviklinga som har skjedd sidan den ble laga i 2011. Sjølve planprosessen vart stoppa da planprogrammet skulle sluttbehandlast i september. Ein skulle då arbeide for å få på plass ei refinansieringsavtale blant aktørane i området. Sidan september har mykje ressursar vorte lagt ned for å skape konstruktiv dialog mellom partane.

### Reguleringsplanar som er vedtekne og under utarbeiding/behandling

I 2016 vart det vedteke to nye reguleringsplanar, både er detaljreguleringar: Utviding av bustadfeltet i Ryfoss og E16 Øye-Turtnes.

I tillegg er fylgjande reguleringsplanar i prosess:

- Kjøsaraudalen
- Nedre Gjessin



- Kommunedelplan Tyinkrysset
- Bustadfelt - 25/10
- Reikesteinsøddin
- Skjefte fjelltak
- TYIN - Masseuttak
- Utgard (plastgjennvinning)
- Vassverk og reinseanlegg, Tyinkrysset
- Eidsbugarden
- Nystuen
- Øyebakkin

Det vart kravd inn kr 37 536,- i gebyr for behandling av private planforslag i 2016.

## Andre prosjekt

Det vart utarbeidd kartlegging og verdisetting av friluftslivsområda i Vang kommune i 2016. Dataene er no tilgjengelege i webkartet og i Miljødirektoratets Naturbase.

## Frådeling, oppmåling og kartlegging, seksjonering og plassering av bygg

Frådelingssaker krev samla vurdering etter plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova o.a. Avhengig av type søknad blir slike saker førebudd av landbruk-, bygg- eller matrikkelansvarleg. Etter frådelingsløyve blir deling gjennomført ved oppmålingsforretning.

Eldre, umålte tomter eller grenser kan målast utan behandling etter plan- og bygningslova.

Det vart gjennomført 62 forretningar etter matrikkellova i 2016, berre 10 gjaldt nye tomter, 52 gjaldt rekonstruksjon av eldre skylddelingar og rettingar i matrikkelen. Bygging skjer i stor grad på reserven av frådelte tomter frå 2007-10. Mangel på løysingar for vassforsyning har store ringverknader.

Oppmåling av eldre umålte tomter er subsidiert – det er i lovens intensjon å bidra til at kvaliteten på matrikkelen stadig blir betre og meir komplett. Retting av reelle feil blir normalt utført utan å krevje inn gebyr. Felles i Valdres gjennomfører me eit treårig matrikkelforbetringsprosjekt (2015-17) og har særskild fokus på slike tomter. Prosjektet får noko skjønnmiddel, men hovudbidraget er eigeninnsats. I oppmålingsgebyr kom det inn 405.000 kr.

Vang kommune er arbeidsgjevar for GIS-konsulenten i Valdres. Han driftar felles kartsystem for Valdres (VGIS) og bidreg med opplæring, oppgradering og teneseter for alle kommunane. Funksjonen er heilt vesentleg for kommunane sitt servicenivå.

I seksjoneringsgebyr kom det inn 25.000 kr og i for plassering av bygg som ansvarleg kommunalt føretak kom det inn 65.000 kr.

## Bustadtiltak og vedlikehald

Ledige bustadtomter i kommunale felt: Tyinkrysset 3, Høgeset 4; ein forkjøpsrett som ikkje er nytta, Lundsmarka 1, Nordigarden 0; (to resterande er delt på 4 bebygde tomter), Bøaflata 1, Åsvang 4 (8 til om VA-blir tilrettelagt), Ryfoss 3 og Steintræet 8. (Tomtene må snart ryddast for skog for å framstå som salgbare!)

Det er gjeve kommunalt tilskot til tre tomannsbustader og ein einebustad.

Kommuneplanen legg til rette for nye, private bustadfelt på Hensåsen og i Vang. Kommunen vel å utvikle nytt bustadfelt i kommunal regi i Ryfoss.

Også i 2016 var det tilsett skuleungdomar som sommarvikarar i periodar på 14 dagar. Denne ordninga fungerer bra.

## Brann- og feiarvesen

Det har vore 30 utrykkingar, 5 utrykkingar til trafikkulykker. Det har vore 2 større brannar. Ein



av dei var bistand til nabokommune. Me har hatt ei auke på antall uttrykkingar som går på bistand helse, av desse var det to med hjertestans.

Valdres brannførebyggjande avdeling har gjennomført spesielt brannsyn i 23 av 37 objekt i Vang.

Det er feia 550 piper og utført 150 tilsyn av fyringsanlegg.

Dekningsgraden for feiarvesenet er 85 %, mot 46 % i 2015.

Vi har gjennomført repetisjonskurs i bruk av hjertestartar i regi av Norsk luftambulanse. Det er no utplassert hjertestartar ved begge brannstasjonane.

Det vart kjøpt inn brukt tankbil som skal stasjoneras i Grindaheim som ein del av beredskapen for dei nye tunnelane som kjem.

Det blir elles vist til eige årsmelding for brann- og feiarvesenet.

Alle Valdreskommunane har no fatta vedtak om felles brann-, rednings- og feiarvesen, organisert som eit IKS samarbeid.

På den bakgrunn er avviket som me hadde frå DSB, no lukka.

## Landbruk

Bruk med mjølkekyr:	40 (40)	Mjølkekyr:	600 (606)
Bruk med andre storfe:	48 (52)	Storfe/ammekyr:	1333 (1357)
Bruk med sau:	44 (42)	Vinterfora sau:	2321 (2156)
Bruk med mjølkegeiter:	4 (4)	Mjølkegeiter:	429 (442)
Bruk med pelsdyr:	7 (8)	Pelsdyrtisper:	1169 (1238)

Tal for 2015 i parentes.

Ingen selde mjølkekvote. 5 produsentar kjøpte kumjølkekvote frå staten, til saman 10 645 liter.

Avløyising i husdyrbruket vart administrert av Vang avløyislag.

Det vart gjeve statsstøtte til 2 driftsbygningar i Vang, eit sauefjøs og eit lausdriftsfjøs. Det vart gjeve kommunalt tilskot til 2 nybygg og 2 utbetringar i fjøs heime og 1 nybygg på stølen.

1 reiskapshus fekk kommunal støtte. Det vart gjeve kommunal støtte til 1 el.forsyning på støl. Det vart nydyrka 28 da, men ikkje utført grøfting med rett til statstilskot eller kommunal støtte.

For tilskot til spesielle miljøtiltak jordbrukets kulturlandskap (SMIL) var det 15 søknader frå Vang i 2016. Av desse gjaldt 11 rydding av gamal kulturmark og 4 verneverdige bygningar.

I august 2016 utførte NIBIO vegetasjonskartlegging i Øye. Det vart og halde markdag med dette temaet. Rapporten vil bli sluttfullført og presentert våren 2017.

## Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar etter skogbrukslova med forskrifter. Bruk og forvaltning av skogfond og rentemidlane av skogfondet høyrer til dette.

I 2016 vart det avverka 4 087 m<sup>3</sup> tømmer med ein bruttoverdi på 1 088 348 kr, og det vart planta 13 980 skogsplanter.

Det vart ikkje gjeve tilskott til skogsflis til oppvarming.

Kommunen har i fleire år, i samarbeid med Vestre Slidre og skulen arrangert skogdag for 5. klasse, med naturstig med tema om skogen og andre aktivitetar. I år vart det arrangert og i



## Vang kommune

- vilt og vakkert

samarbeid med Oppland skogselskap. Eit populært tiltak.

I 2016 arrangerte kommunen kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag. Her deltok 6 stk., blant dei fleire ungdomar som kommunen dekte deler av kursavgifta for, med bruk av rentemidlar. Eit populært tiltak som det er ynskje om å arrangere fleire av.

Dersom ein gardbrukar skal ha tilsette til å drive i skogen så er det eit krav frå Arbeidstilsynet at desse skal ha utført kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag.

I samarbeid med Valdreskommunane vart det i 2015 tilsett ein person i eit pådrivarprosjekt, der ein skulle gå aktivt ut til skogeigarane for å få dei til å drive med skogkultur som planting, ungskogpleie og liknande. For 2016 resulterte dette i 364 da ungskogpleie i Vang.

På skogavgiftskontoen for Vang pr. 31.12.16, stod det inne kr 736 911,40.( skogsavgift + rentemidlar). Rentene utgjorde kr 13 476,38,-. Rentemidlane skal nyttast til fellestiltak, informasjon og arrangement. For 2016 vart det nytta kr 95 321,52,- til informasjon og pålagt andel til Fylkesmannen, skogeigarlaget og pådrivarprosjektet for Valdres. For 2016 skulle det og setjast av midlar sentralt til Frøverket på Hamar. Rentemiddelkontoen var pr. 31.12.16 kr 71873,44 + kr 50 000,- bunde til prosjektkonto (skogkulturprosjekt Valdres).

### Viltforvaltning

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioda 2014-2017.

I 2016 vart det felt 45 elgar av ei kvote på 57 og 56 hjortar av ei kvote på 98. Avskytinga i 2015 var 39 elg og 56 hjort.

For utrykking ved viltpåkøyrslar og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på fire personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vakt-sentralen.

Det var meldt om 8 påkøyrslar/funn av fallvilt. Av desse var 5 elg, 2 hjort og 1 rådyr.

### Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman og ein årleg produksjon på nærare 100 000 kg kjøtt.

Filefjell har sumararbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret.

Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren.

Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin.

### Rovdyr

I 2016 vart ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko rovvilt. Samla tap vart 250 av 7927 slepte sau/lam (3 %) som er normaltap på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap. Statens naturoppsyn (SNO) v/rovviltkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og må varslast så fort som råd i slike tilfelle. Dokumentert tap i Vang gjaldt gaupe. Norges Jeger- og fiskeforeining i samarbeid med NINA har sett i gang prosjekt i Oppland for betre å kunne dokumentere gaupebestanden. I Vang er det sett opp 2 viltkamera. Dette har resultert i at det er dokumentert ei familiegruppe i kommunen.iltansvarlege i Valdreskommunane og leiarane i dei kommunale fellingslaga har diskutert meir samarbeid under forsøk på felling av rovvilt.

I 2016 vart det arrangert kurs for kommunale fellingslag i Valdres. Her deltok det 19 pers. Fylkesmannen ga eit tilskott på kr 45 000 av ein totalkostnad på kr 51 500.

Rovviltutvalet er samansett av beitelaga, tamreinlaga, fellingslaget for rovvilt og ordførar som leiar. Utvalet har møter 2 gonger i året, der ein går igjennom bl.a. beredskapsplan og



gjennomgang av sesongen.

I 2013 vart det innført skotpremie. I 2016 vart det utbetalt kr 28 850 i premie og det vart felt:

Kråke	Ravn	Skjære	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
59	5	15	0	1	3	57

## Kommunale vegar

Arbeidet med skilting av vegar var i hovudsak ferdig i bygda, ein del støls- og hyttevegar samt henvisningsskilt der det er fleire enn 6 husstandar/10 hytter vart utført.

## Vatn og avløp (VA)

Nytt reinseanlegg og ny overføringsledning for vatn og avlaup i Tyinkrysset vart bygd i 2016. Ferdigstilling og igangkjøring av anlegget skjer i løpet av mars 2017. Det nye anlegget behandlar då avlaupsvatn frå heile Tyinkrysset.

Kommunestyret har vedteke å planlegge vassutbygginga på Filefjell saman med den komande kommunedelplanen for området. Rammeplan VA er allereie utarbeida, det er viktig at denne blir tilpassa og teke inn i kommunedelplanen sine føresegner. 500 000,- kr vart avsett til prosjektering og utarbeiding av anbudsdokumenter for vassverket i 2016. Asplan Viak i Leikanger fekk jobben. Prosjekteringa avdekkar eit behov for ein ytterligere borebrønn som vart bora hausten 2016. I 2017 kan ein ta ut vassprøver og måle kapasitet på den nye brønnen som er etablert innafor planområdet til det nye vassverket. Det er no bora begge dei to brønnane som ein ser for seg å nytte i nye vassproduksjonen. I tillegg vart det teke med nye vassledning frå Tørrisbrune til Kølabrune i samband med dei nye avlaupsledningane.

Kartlegging og digitalisering av leidningsnett er viktig. I 2016 kartla ein summervikar heile VA nettet i Ryfoss og Grindaheim.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet vorte prioritert. Arbeidet kan gebyrfinansierast.

Dekningsgrad vatn 115,6% og dekningsgrad avlaup 147,7%.

## Kommuneskogen

Vang kommune har fire skogteigar: Brekken, Brekkebakkadn, Torpe og Veflen med til saman 902 daa produktiv skog; 21 da med høg bonitet, 456 dekar på middels bonitet og 414 da med låg bonitet og 11 da anna areal. Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabo jaktfelt eller inngår i organisert villag.

## PLANAR og tiltak FRAMOVER

### Byggjesaker

Det er å rekne med at søknadar på bygging av nye hytter vil halde seg på omtrent same nivå komande år som det har vore dei par siste åra. Det som kan setja ein midlertidig brems på byggeaktiviteten, er mangel på tilstrekkeleg vasskapasitet i Tyinkrysset- og Filefjellområdet.

Det er framleis att ca. 700 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt. Tenlelia har att mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslia. Også på Tyinholmen og Målnes er det mange ledige tomter. I Raudalen er det bygd fleire nye hytter dei siste åra, og det vil truleg koma mange hytter her framover.

Det er framleis mangel på bustader i Vang. Kommunen i samarbeid med Innovangsjon





arbeider med eit prosjekt for å registrere ledige bustadar og legge til rette for at fleire kan vera interesserte i å setja i stand tome hus for utleige.

Det er venta at det vil bli fleire nye bustader på Hensåsen når det nye, private bustadfeltet her er klargjort for bygging. Vegen i feltet er snart ferdig, og det er innvilga rammeløyve for to nye bustadar. Arbeidet på desse er venta å starte i år.

Det kommunal bustadfeltet på Åsvang har att nokre få ledige tomter.

Reguleringsplan for utviding av bustadfeltet i Ryfoss er godkjent, men det er ikkje klargjort for bygging enno.

Byggefeltet på Bøaf lato er for det meste utbygd. Det er att tomter i Steintræet og i det kommunale feltet på Tyinkrysset.

Det ser ut som det er aukande interesse for bygging av bustadar på spreidde, private tomter.

Det er ca. 1,3 stillingsheimel som arbeider med byggesaker, inkl. avløpssaker. Av dette er det f.t. ledig ei 0,5 stilling kombinert med 0,5 arealplan (total ei heil stilling). Me håpar å ha ein ny person på plass her i løpet av sumaren.

## **Kart og oppmåling**

Kvalitetsheving av matrikkelen er ein kontinuerleg prosess – men særleg fokusert siste året av prosjektperioden («matrikkelforbedringsprosjektet»). Alle kraftinstallasjonane i Vang – frådelt frå 1930-talet -70-talet - er i liten grad matrikkelført og synlege på kart. Det er ei omfattande oppgåve som blir prioritert i 2017 i samarbeid med reguleringselskapa.

Det er eit velfungerande interkommunalt samarbeid på kartsektoren, som gjev stor meirverdi for alle kommunane i Valdres. Datateknisk drift innafor «IKT-Valdres-parken» er ei så stor utfordring at det ikkje kan halde fram om ikkje drifta stabiliserast.

Departementet (KMD) har i 2016 utgreidd endringar i kommunane sitt ansvar for deler av oppmålingstenestene. Høyringa har gitt liten støtte til departementet sitt framlegg. Mogleg lovendringsforslag var varsla fremma våren 2017, men framleis stor usemja og uvisse.

## **Planlegging**

I 2017 må kommunedelplanen på Tyinkrysset få prioritet.

## **Bustadtiltak og byggjeprojekt**

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og tilgjengelege ressursar.

For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindaugo og betra ventilasjon. Vindaugo er 45 år gamle, PCB-haldige isolerglas med redusert isolasjonsevne. I samsvar med Statens forureiningstilsyn (SFT) sin handlingsplan for redusert utslepp av PCB er det ynskjeleg å skifte vindaugo. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilering og varmegjenvinning, vil dette vera eit godt energiøkonomiseringstiltak. Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak.

## **Brann- og feiarvesen**

I samarbeid med vegvesenet er vi komne fram til at det vil vera best å stasjonere ein tankbil i Grindaheim brannstasjon (er innkjøpt) for å dekke behovet for sløkkevatn i dei nye tunnelane som kjem. Mannskapsbilen ved Grindaheim byrjar og å dra på åra så ein bør vurdere å få skifta den ut.

Feiing og tilsyn er ein no kome i rute med att. Der det er varmpumpe blir det ikkje feia kvart år. Det er no kome krav om at fritidsboligar også skal feiast.



Når det no er vedteke felles brann-, rednings- og feiarvesen i Valdres, vil det bli ein del arbeid for å få dette på plass. Målet er at ordninga er oppe og går frå 01. januar 2018.

## **Landbrukskontoret**

Landbrukskontoret vil i 2017 arrangere fag-dagar/kveldar og -turar i samarbeid med faglaga, landbrukskontoret i Vestre Slidre og Valdres landbrukstjenester.

Dette gjeld også fagdagar med kjøtproduksjon/utegangar og datakurs i nytt system for produksjonstilskott.

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane, landbruksfaglaga og fjellstyra vil landbrukskontoret halda fram med å ha fokus på dyrehald og dyrevelferd i 2017, samt forureiningssaker

Kommunane forvaltar statlege midlar til skogbruksføremål, verneverdige bygningar, kultur- landskapstiltak og miljøtiltak i jord- og skogbruk. Frå Fylkesmannen har det kome signal om vidareføring av statstilskott til aktiv stølsdrift og bruk av utmarka til beite også i 2017, men det er uvisst vidare framover.

## **Kommunale vegar**

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege resursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde sikt og framkome for større kjøretøy. Dekke på vegen Hen – Remmisåsen tek til å bli dårleg og bør fornyast. Dette er det avsett midlar til på årets budsjett.

## **Vatn og avløp**

I 2017 vil ein prøvepumpe og ta vassprøver av den nye brønnen i Tyinkrysset. Prøveresultata vil gje grunnlaget for å ferdigstille priosjekteringa og utarbeide anbodsdokument.

Arbeidet med kartlegging og digitalisering av leidningsnettet fortsett sumaren 2017 med ein sumarvikar.

Heile driftsovervakningsanlegget vil bli oppdatert og ferdigstilt i 2017.

Utviding av bustadfelt i Ryfoss vil krevja ein eigen VA plan for å finne tilfredstillande løysing med tanke på kapasitet og leveranse, midlar er avsett i budsjett og arbeidet med VA plan kan starte i 2017.

Grindaheim reinseanlegg har fått midlar til luktreinsing, eit luktreduksjonsanlegg vert planlagt å vera på plass i løpet av 2017.

Reinseanlegget på Åsvang er tett på bustadfeltet og det blir stadig rapportert om dårlig lukt frå anlegget. Anlegget er også tett på rekreasjon / treningsområde for grenda.

Reinseanlegget på Åsvang er bygd opp av ein slamavskiljar, lecafilter og våtmarksfilter. Ei utbetring av anlegget bør inkludere utskifting av lecafilteret då desse har avgrensa levetid.